


Både i pose og sekk

Framlegg til språkpolitikk for Universitetet i Bergen



Bergen, februar 2007

[Framsidaillustrasjonen skal vise kompleksiteten i språksituasjonen vår.]

Innhald:

Samandrag.....	5
Del 1	
<i>Kapittel 1 Bakgrunn</i>	8
1.1. Oppnemning og mandat.....	8
1.2. Språkhistorisk bakgrunn.....	9
<i>Kapittel 2 Utsikter, farar og mål</i>	13
2.1. Språklege funksjonar.....	13
2.2. Universitet, kunnskap og internasjonal politikk.....	18
2.3. Kva er målsetjinga?.....	20
Forslag til språkpolitisk målsetjing	23
2.4. Vegar å gå.....	23
2.5. Kva skal vere det internasjonale språket?.....	24
<i>Kapittel 3 Språksituasjonen ved Universitetet i Bergen</i>	25
Del 2	
<i>Kapittel 4 Fagterminologi og fagspråk</i>	30
Situasjonen i dag.....	30
Problem.....	31
Forslag.....	31
<i>Kapittel 5 Undervisning</i>	33
Situasjonen i dag.....	33
Problem.....	35
Forslag.....	36
<i>Kapittel 6 Forsking og publisering</i>	38
Situasjonen i dag.....	38
Problem.....	40
Forslag.....	42
<i>Kapittel 7 Forskingsformidling</i>	44
Situasjonen i dag.....	44
Problem.....	45
Forslag.....	45
<i>Kapittel 8 Profilerings og presentasjon på nettsider</i>	47
Situasjonen i dag.....	47
Problem.....	48
Forslag.....	49
<i>Kapittel 9 Administrasjon</i>	50
Situasjonen i dag.....	50
Problem.....	51
Forslag.....	52
<i>Kapittel 10 Språktenestesenteret</i>	53
<i>Kapittel 11 Norskopplæring for tilsette med ikkje-skandinavisk bakgrunn</i>	55
Situasjonen i dag.....	55
Problem.....	50
Forslag.....	56
<i>Kapittel 12 Allment om tilrådingane</i>	59
Referansar.....	60
Vedlegg: Forholdet til andre innstillingar om språkbruk på universitetet.....	63

Samandrag

Innstillinga er delt i to. *Del 1* (kap. 1-3) er ei historisk, språkleg og politisk drøfting som dannar bakgrunn for framstillinga og resonnementa i *Del 2* (kap. 4-12), som tek opp konkrete saksområde. Der peikar innstillinga både på problem og moglege løysingar som kan gå inn i språkpolitikken ved institusjonen vår.

Kapittel 1 gir bakgrunnen for komitéarbeidet og viser til tilsvarende språkpolitiske arbeid i Norden. Kapittel 2 tek utgangspunkt i sentrale språklege funksjonar – språk som kommunikasjonsmiddel, språk knytt til tenkjeevna, og symbolverdien i språket – og går vidare med å drøfte den rolla universiteta har som kunnskapsforvaltar og kunnskapsprodusent i ei stendig meir globalisert verd. På denne bakgrunnen kan målsetjinga for ein språkpolitikk for Universitetet stakast ut, og komitéen kan argumentere for ein parallellspråkleg praksis. (Forslag s. 23.) Kapittel 3 gir eit kort og foreløpig riss av språksituasjonen ved Universitetet i Bergen i dag.

I *Del 2* vert språksituasjonen nærare drøfta for ulike område. Kapittel 4 tek opp fagterminologi og fagspråk på norsk og utanlandsk, særleg problem knytte til større bruk av engelsk og tilsvarende mindre bruk av norsk terminologi. (Forslaga står på s. 31–32.) Kapittel 5 gir eit riss av språksituasjonen innanfor undervisninga, både på lågare og på høgare nivå, og problematiserer dei ulike aspekta ved bruk av norsk og engelsk som undervisningsspråk. Opplæring i begge språka må styrkjast. (Forslag s. 36–37.) Kapittel 6 tek for seg forskning og publisering, og det syner skilnadene i språkleg praksis ved dei ulike fakulteta. Her kjem ein òg inn på debatten kring forskingspublisering, spørsmål om å delta i både internasjonal fagutvikling og det norske samfunnet. (Forslag s. 42–43.) I kapittel 7 er formidlinga av forskinga tema, der også bruken av både bokmål og nynorsk vert drøfta. (Forslag s. 45-46.) Kapittel 8 er vigd språkbruken på nettsidene til Universitetet i Bergen (forslag s. 49), mens kapittel 9 gir eit innblikk i språkbruken ved administrasjonen (forslag s. 52).

I alle desse seks kapitla har komitéen lagt vekt på å gi eit bilete av språksituasjonen ved Universitetet i Bergen i dag, kva som står fram som problem, og kva for tiltak og retningslinjer komitéen meiner vil gi dei beste løysingane. Eit heilt konkret og omfattande tiltak, som er relevant på fleire av saksområda, er framlegget om å opprette eit eige senter for

språktenester, og i kapittel 10 vert dette nærare drøfta (s 53-54). I kapittel 11 går komitéen inn for å styrkje norskopplæringa for tilsette med ikkje-skandinavisk bakgrunn (forslag s. 56–58).

Komitéen har funne det rett å vise til innstillinga som vart lagd fram for Universitets- og høgskolerådet om språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg (UHR 2006), og til innstillinga om språkpolitikk ved Universitetet i Oslo (UiO 2006). Begge er frå 2006, og dei har samanfallande synspunkt og konklusjonar som dei denne innstillinga legg fram. Det vert vist i vedlegget, s. 63.

Del 1

1. Bakgrunn

1.1. Oppnemning og mandat

Den 7. juni 2006 la ein nasjonal komité oppnemnd av Universitets- og høgskolerådet (UHR) fram sitt forslag til nasjonal språkpolitikk for universitet og høgskolar, *Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg*. Forslaget tok utgangspunkt i at dei norske utdannings- og forskingsinstitusjonane deltek i eit stadig meir internasjonalt forskingssamfunn, og at kunnskapsutviklinga i Noreg strekkjer seg langt vidare enn grensene for det norske språket. Rapporten drøfta behovet for ein bevisst språkpolitisk strategi med tanke på publisering, undervisning, informasjon om aktiviteten ved universitetet, og formidling av forskingsfunn til allmenta. Universitetet i Bergen ønskjer å ta utgangspunkt i Universitets- og høgskolerådet sin rapport (UHR 2006) og i andre relevante rapportar om språkpolitikk når det utarbeider sin eigen språkpolitikk.

Med dette som bakgrunn vart det i brev av 22. juni 2006 oppnemnd ei arbeidsgruppe som fekk dette mandatet:

- Foreslå tiltak som sikrer parallellspråklighet, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk i forskning og utdanning.
- Foreslå tiltak som kan styrke at forskning utført ved UiB blir kjent internasjonalt, også i fag som i dag har tradisjon for å publisere på norsk.
- Foreslå retningslinjer og krav som sikrer språklig balanse og språklig kompetanse i undervisningstilbudene ved UiB.
- Foreslå tiltak som kan styrke bruk av norsk som formidlingsspråk, også i fag som i dag har tradisjon for å bruke engelsk.
- Foreslå tiltak som sikrer lett tilgjengelig og god nasjonal og internasjonal profilering av UiB på godt språk, både norsk og engelsk, på nettsider og i informasjonsmateriell.
- Foreslå tiltak som sikrer lett tilgjengelig administrativ informasjon på godt norsk språk og på god engelsk.

Arbeidsgruppa har bestått av
professor Helge Sandøy, Nordisk institutt (leiar),
student Lene Fløysand, Juridisk fakultet,

førsteamanuensis Kristin Klock, Odontologisk institutt,
professor Ole Didrik Lærum, Gades institutt,
professor Robert Murison, Institutt for biologisk og medisinsk psykologi,
professor Helge Østbye, Institutt for informasjons- og medievitenskap.

Rådgjevar Lars Helge Nilsen, Utdanningsavdelinga, har vore sekretær i gruppa.

Gruppa har hatt seks møte, og seksjonsleiar Christen Soleim, Seksjon for informasjonstenester/UA har vore observatør på fleire av møta. Postdoktor Vigdis Vandvik var i utgangspunktet oppnemnd som medlem, men etter dei første innleiande møta gjekk ho ut av gruppa. Seinare har ho levert innspel og kommentarar på e-post. Gruppa eller delar av gruppa har hatt vitjing av representantar frå Formidlingsavdelinga (seksjonsleiar Elin Folgerø Styve), Nordisk institutt (førsteamanuensis Johan Myking, universitetslektor Tore Høyte), Institutt for samanliknande politikk (professor Lars Svåsand), Institutt for fysikk og teknologi (førsteamanuensis Kjartan Ólafsson), Institutt for biologisk og medisinsk psykologi (professor Kenneth Hugdahl), Institutt for informasjon og medievitenskap (professor Anders Johansen), Forskingsavdelinga (ass. forskingsdirektør Astrid Bårdgard), Institutt for biomedisin (professor Rolf Kåre Reed), Matematisk institutt (professor Stein Arild Strømme) og Personal- og økonomiavdelinga (seniorkonsulent Kari E. Lønøy).

Gruppa har forutan framlegget frå UHR nytta seg av innstillinga *Norsk i hundre!* frå Norsk språkråd (Ni100) og ei rekkje andre nyare dokument om språkpolitikk, men i særleg grad har gruppa gjort bruk av eksisterande dokumentasjon frå Universitetet i Bergen, både trykte dokument og informasjon på nettsidene til universitetet. I tillegg har gruppa fått gode innspel frå mange medarbeidarar og studentar.

1.2. Språkhistorisk bakgrunn

Det språkpolitiske spørsmålet om språkpress frå engelsk kom opp nokså raskt etter andre verdskrigen, først ved at det vart tema for ei språkvitenskapleg beskriving i doktorarbeidet til Åsta Stene i 1945. Frå 1962 vart det diskutert oftare og oftare som problem på dei årlege nordiske språkmøta. I første omgang var det orda frå engelsk som vart fokuserte, først og fremst fordi dei skapte normeringsproblem og dermed pedagogiske problem.

Sigmund Skard, professor i amerikansk litteratur, skreiv i 1963 pamfletten *Målstrid og massekultur* og reiste der spørsmålet om den breiare kulturpåverknaden. Han tok opp det vi i dag kallar domenetapsspørsmålet, men utan å bruke det ordet. Han fokuserte mest på ungdomskulturen, som han meinte ville avgjere framtida vår. Seinare har denne innfallsvinkelen ofte vore brukt i offentlege diskusjonar, og kring 1990 hadde kulturforskaren Steinar Bryn f.eks. eit prosjekt om *Norske Amerika-bilete. Om amerikanisering av norsk kultur* (1992).

Eit konkret og offensivt utspel mot ein amerikansk språkdominans kom da Statoil gjekk inn med pengar for å skape eit norsk oljespråk. Dermed vart det store terminologiprojekt Terminol (1983-1985) ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, sett i gang, og det la eit viktig grunnlag for at olje-fagspråket i stor grad er vorte norsk. (Myking 2005.)

Inntil slutten av 1980-talet vart diskusjonen prega av dei litt upresise orda 'anglifisering' og 'amerikanisering' osv., og dei gjekk inn i ei svært allmenn beskriving. I 1989 tok den danske språkvitaren Jørn Lund i bruk termen 'språkleg domene' frå språksosiologen Joshua Fishman for å presisere skiljet mellom påverknad på sjølv språket (korpus) på eine sida og dominansen eller statusen i samfunnet (status) på den andre sida. I siste tilfellet interesserer ein seg for om eitt språk må vike til fordel for eit anna som brukspråk på visse domene/område. Med det nye omgrepet kunne ein skilje tydelegare mellom spørsmål som gjeld korleis engelsk påverkar ordforråd, skrivemåtar og uttrykksmåtar, og drøftingar av korleis engelsk språk vert meir og meir brukt i visse samanhengar. Formuleringa 'å bruke mykje engelsk' får dermed to betydingar. Skal ein forstå dei språkkulturelle mekanismane, er det nyttig å vere så presis.

Utover 1990-talet har ein i språkpolitikken vorte meir oppteken av samfunnsmessige tiltak, og Norsk språkråd vedtok i 2001 ein språkstyrkingsplan der ein analyserte mange tiltaksfelt. Under Nordisk ministerråd sette den språkpolitiske referansegruppa i gang eit kartleggingsprosjekt over status-situasjonen overfor engelsk, og ein samlerapport, *Engelska språket som hot och tillgång i Norden*, kom i 2002 (Höglin 2002). Seinare kom ein nordisk runde med større utgreiingar om språksituasjonen i brei samanheng, både om forholdet til minoritetsspråk og til det utanlandske presset. Utgreiinga *Mål i mun* (2002) for den svenske Riksdagen var først ute, seinare kom den danske *Sprog på spil* (2003) for det danske

Kulturministeriet, og den finlandssvenske *Tänk om ...* (Tandefelt 2003) for Forskningscentralen för de inhemska språken. I 2005 vart så den norske utgreiinga *Norsk i hundre!* (Ni100) lagd fram for Språkrådet, og på Færøyane sette landsstyret ned eit språkutval i 2006 for å lage tilsvarende arbeid.

I 2003 vart det utarbeidd ei innstilling om ein dansk universitetspolitikk på språkområdet (jf. <http://www.rks.dk/sider/internationalt/Sprogpol.pdf>), og ved Universitetet på Island (Háskóli Íslands) vart det vedteke eit språkpolitisk program i 2004 (<http://www.hi.is/page/malstefna>). Ved Københavns Universitet er tilsvarende institusjonsinternt arbeid i gang, og Helsingfors universitet har fokusert engelskdominansen i Finland, m.a. på ein konferanse om "Bi- og multilingual universities" i 2005. I regi av Undervisningsministeriet i Finland vert det no laga ei utgreiing om "språkutbildningspolitiken", og den skal vere ferdig i løpet av våren 2007. Elles har Universitetet i Jyväskylä vedteke sin eigen språkpolitikk, og fleire andre universitet har begynt å drøfte liknande tiltak. I juni 2006 vart det lagt fram ei tilsvarende nasjonal utgreiing for det norske Universitets- og høgskolerådet (jf. http://www.uhr.no/documents/Framlegg_til_ein_spr_kpolitikk_for_UHsektoren_1.pdf).

Universitetet i Oslo fekk laga ei utgreiing for sin institusjon alt våren 2006 (www.uio.no/om-uio/innstillinger/06/sprakpolitikk/), og no kjem turen til Universitetet i Bergen. Dette har altså vore ein tydeleg nordisk utgreiingsdiskurs i denne kulturorienteringa. Her kan det òg nemnast at det i same tidsrommet (2001-2007) har gått føre seg eit større nordisk samarbeidsprosjekt (Moderne importord i språka i Norden) som prøver å beskrive komparativt nordiske språkholdningar (som er del av status-omgrepet) og den faktiske påverknaden på språka (korpus) i Norden i den nyaste tida (<http://www.moderne-importord.info/>).

Parallelliteten i dette utgreiingsarbeidet viser eit nordisk kulturfellesskap. Men sjølve temaet går att også i andre land utan at utgreiingsarbeidet er organisert på same måten. Nederlandske universitet har diskutert sin situasjon, og i Tyskland begynner ein å ta opp spørsmålet. Samtidig har det utover 1990-talet komme mange språksosiologiske bøker om språksituasjonen i verda. Den litteraturen går inn i den allmenne diskusjonen om globalisering.

Omgrepet 'samfunnsberande språk' vart utvikla i *Mål i mun*, og med det siktar ein til at dei moderne fleirkulturelle samfunna skal ha eit overordna fellesspråk som er brukt til

administrasjon og samfunnsdebatt, som held storsamfunnet saman, og som gir dette storsamfunnet identitet. Samtidig skal storsamfunnet gi leve- og utviklingsvilkår til alle dei språklege delkulturane som finst i samfunnet. Omgrepet 'samfunnsberande språk' har vore sentralt i alle dei seinare offentlege språkutgreiingane i Norden. Samtidig har også omgrepet 'fullverdig språk' vore sentralt, og det skal bety at språket har både slik status at det kan brukast i alle samanhengar, og at det har utvikla eit ordforråd (korpus) innanfor alle område. Dette siste omgrepet har vore eit av argumenta for ein *parallellspråkleg praksis*, som vi kjem tilbake til fleire gonger i denne innstillinga.

Dei nordiske språkutgreiingane er nesten gjennomgåande berre beskrivande. Den norske utgreiinga *Norsk i hundre!* seier klart ifrå om at ho ikkje ser det som si oppgåve å lage ein samfunnsanalyse (s. 13). Ein slik analyse har derimot makt- og demokratiutgreiinga (Østerud o.fl. 2003) presentert ved å drøfte språksituasjonen i Noreg i to kapittel i sluttrapporten. At språk slik vert gjort til tema innanfor maktutgreiingssjangeren, er hittil eineståande.

Det sentrale i maktutgreiinga er at språket er ein del av kulturen, og at det dermed formidlar og avspeglar dominansforholdet i samfunnet. Det kjem til uttrykk i fleire språklege relasjonar, f.eks. i

- a) at norsken dominerer over for samisk, og gjorde det svært sterkt fram til 1960-talet da språkpolitikken vart omlagd,
- b) at bokmålet dominerer over nynorsken, og
- c) at engelsken dominerer i dag over norsken.

Dominansen gir seg uttrykk i holdningar og at dei dominerte aksepterer verdiane, fokuseringane og definisjonane til dei dominerande. Dermed føler dei dominerte seg underlegne. *Mental kolonisering* omtalar utgreiinga dette fenomenet som, og omgrepet referer til prosessen der medlemmene i ei dominert gruppe vert sosialiserte inn i og lærte opp til å ta for gitt at deira eigen kultur er mindreverdig og at dei må ta etter den dominerande kulturen. I dette perspektivet vert språkspørsmåla politisk viktige, og i universitetssamheng kan vi ikkje oversjå denne samfunnsanalysen.

2. Utsikter, farar og mål

2.1. Språklege funksjonar

Norsk språk er neppe i overhengande fare for å døyt ut så langt vi kan sjå framover, og dét er heller ikkje utgangspunktet for dei språklege drøftingane våre. Situasjonen som aktualiserer den språkpolitiske gjennomgangen, er den at 'morsmålet' vårt er under press frå andre språk. Når ein seier "press på språket", er det ikkje språket i snever forstand vi er opptekne av, det viktige er følgjene for medlemmene i språksamfunnet. På grunn av funksjonar som morsmålet har, får presset frå andre språk konsekvensar for brukarane. Desse følgjene kan representere både farar og forbetringar kulturelt og intellektuelt sett. Vi skal drøfte dette nærare ut frå tre sentrale funksjonar språk har.

- A. Språket er eit *kommunikasjonsmiddel*, som hjelper til å formidle idéar innanfor og mellom ulike kulturar.
- B. Språket er nært knytt til *tenkjeevna* vår ved at ord og uttrykk er knaggar for assosiasjonar og konnotasjonar (dvs. ein kognitiv funksjon).
- C. Språket har *symbolverdi*, dvs. at det språklege uttrykket er assosiert til sosiale vurderingar, og det vert på godt og vondt brukt som uttrykk for å markere identitet og sosiale grenser.

Til A): Alle miljø ved Universitetet har kontakt både med det norske samfunnet og med utanlandske miljø, og vi har bruk for å tilpasse språket etter dei vi kommuniserer med. I dette perspektivet er det knapt råd å sjå anna enn fordelar med å utvide det språklege repertoaret. Internasjonaliseringa representerer ei "velsigning". Bruk av internasjonale språk lettar samarbeid over grensene, og det gjer oss som fagfolk i stand til å utveksle innsikter og kunnskapar med kollegaer i andre land. I dag er fagleg vidareutvikling svært avhengig av slikt samarbeid, og det er viktig at forskarsamfunnet lærer seg opp i meistre fleire språk.

Motførestillingane som finst mot for sterk kommunikasjon, går på at kommunikasjonen kan forsterke eksisterande kulturelle dominansar, og dermed kan han fjerne variasjonen i verdskulturen og dermed grunnlaget for framtidig kreativitet. (Dette er altså ein kulturøkologisk skepsis). I vår fagsamanheng styrkjer det poenget om at ein bør investere i å bruke meir enn eitt språk i internasjonal kommunikasjon for å sikre ei breiare kontaktflate utover og såleis å unngå den einsidige dominansen vi skimtar i dag. Den engelskspråklege

dominansen opnar ikkje "heile verda" for oss, for forskarane i USA er sterkt overrepresenterte i vitenskapslitteraturen på det språket; dei står nemleg i praksis bak sirka ein tredel av artiklane i Science Citation Index (Gibbs 1995: 92). Ei anna motførestilling er knytt til situasjonar der eit internasjonalt språk ikkje kjem i tillegg til morsmålet, men fortregjer bruken av morsmålet, noko som går utover kommunikasjonen innanfor kulturen. Det kjem vi tilbake til under pkt. 2.3.

Til B): Pedagogisk forskning er svært eintydig på at det er ein fordel å lære på sitt eige morsmål framfor å måtte bruke eit framandspråk. Desse forskingsresultata (jf. *Mål i mun* s. 74 og Hvenekilde o.fl. 1996, Hyltenstam 1996, Tomas & Collier 1997 og 2002, Williams 2004) er f.eks. grunnlaget for politikken med morsmålsopplæring for innvandrargrupper. Tilsvarande resultat finn ein også for utdanning på universitetsnivå, jf. f.eks. Söderlundh 2003. Også fullt utdanna fagfolk har tydeleg mindre utbytte (faktisk 25 %!) av f.eks. artiklar på engelsk enn på morsmålet (jf. Gulbrandsen o.fl. 2002 & 2003 og Nylenna o.fl. 1994). Forklaringa er at morsmålet gir beste støtte for tanke og minne.

Men samtidig er det grunnlag for å seie at to- og fleirspråklegheit også er kognitivt utviklande, for dei ulike språka opnar ofte for ulike perspektiv og nyansar, og ikkje minst kan kontrastane ein oppdagar i møtet mellom formuleringar på to språk, auke presisjonen i tanken. Å lære seg å bruke eit framandspråk er dermed positivt, og det er difor rimeleg at ein i universitetsutdanninga utviklar faginnsikta på meir enn eitt språk. Denne drøftinga må altså ende med at både-og, som gir positiv argumentasjon for ein parallellspråkleg praksis (i tillegg til at denne praksisen også er ein vernestrategi for norsk). Men slik opplæring føreset ein gjennomtenkt pedagogikk, jf. kap. 5.

Mens ein har fagleg grunnlag for å konkludere tydeleg om språk og undervisning, har vi ikkje det om språk og forskning. Ein kan nok ekstrapolere frå resonnementa kring undervisning og seie at same kognitive fordelane med morsmålet gjeld også for kreativiteten og presisjonen. I diskusjonar vert det òg vist til at den engelske fagprosaen som vi framandspråklege forskarar kan greie å produsere, er "blodfattig" og kvalitativt ringare enn den vi produserer som morsmålsbrukarar (Materstvedt 2004, Bull 2004). Men det vert òg svart med at den 'forskarengelsken' som fungerer i praksis, ikkje er 'Oxford-engelsk' (Ystenes 2004: 72). Og samtidig gjeld argumentasjonen ovanfor om at det i "kryssinga" mellom to språk og kulturar nettopp kan oppstå noko fruktbart, og dermed er det ein fleirspråkleg praksis som ein lettast

kan argumentere for som det mest fruktbare for eit forskarmiljø. Men så langt er vi ukjende med forskingsresultat som kan støtte klart det eine eller andre resonnementet.

Til C): Det er først og fremst gjennom symbolfunksjonen at eit dominerande språk utøver eit press. Dei som vert dominerte, utviklar dårleg sjølvtilit, ja, mindreverdskjensle som reduserer motivasjon og yteevne. Typisk i slike situasjonar er det at dei dominerte framhevar fordelane med å bruke og gå over til det dominerande språket. Difor var det f.eks. med gode individuelle motivasjonar at mange samar lærte ungane sine opp i norsk og lét morsmålet samisk gå i gløymeboka, og difor går mange også over frå nynorsk til bokmål med gode motiv. Dét er ein måte å sikre seg lettare tilgang til god karriere, til å redusere den sosiale motstanden, og til å verte lettare assosiert til prestisjeverdiane. På same måten er det også i forholdet til engelsk i dag: Det er ofte knytt ein prestisje til sjølve engelskbruken som gjer at ein somtid brukar det språket utan at bruken er godt grunnlagt med ein rein kommunikativ gevinst. Slik dominanssituasjonen er, er det også "normalt" at brukarane overvurderer kompetansen sin i status-språket og undervurderer problema. Den symbolske gevinsten er altså viktig.

Det er denne funksjonen som er hovudtemaet i kapittelet "Språklig dominans" i *Makten og demokratiet* (Østerud o.fl. 2003), dvs. siste maktutgreinga:

"Ytringer har symbolsk makt ved at de viser ut over seg selv, som tegn på autoritet og posisjon. Språkformen gir makt fordi den uttrykker et meningssystem med spilleregler for hva som er legitimt og relevant." (S. 281).

"Språkmakt kan utnyttes i en bevisst maktstrategi, men kan også være ubevisst og innforstått." (S. 282).

"Den kulturelle og språklige dominansen ytrer seg gjerne som nedvurdering og latterliggjøring. Dette internaliseres av de dominerte gjennom den formen for underlegenhetsfølelse som har vært kalt *mental kolonisering*, der lokalspråket oppleves som stigmatiserende.

Det er en slik mental kolonisering samene har vært utsatt for. Derfor er språkreising sentralt i samisk interessekamp i dag." (S. 283).

"Konsekvensene av mental kolonisering er at kulturelle uttrykksformer tørker ut, koder i virkelighetsoppfatning forsvinner, nyanser og variasjon i det språket som er knyttet til erfaringsbakgrunn og følelseliv går tapt. Tilpasningen til det dominerende fremmedspråket blir ofte haltende og usikker; det fremstår i forenklet variant, med mindre ordforråd, færre nyanser og svakere assosiasjonsrikdom. Slik underordning står i motsetning til en mer likeverdig form for språkpåvirkning, der lånord og andre impulser inngår i enhver endringsprosess.

Det klareste uttrykket for den aktuelle situasjonen for norsk språk er bruk av engelsk i sammenhenger hvor kommunikasjonen ikke krever det, men hvor det skal signalisere noe fremtidsrettet, dynamisk og moderne, som i reklamespråket. Budskapet mellom linjene er at norsk er utidsmessig og på siden av tidens stil. I dette ligger det en symbolsk og ideologisk maktmekanisme." (S. 283).

Etter ei framstilling av den norske språkkonflikten mellom eit dominerande bokmål og ein dominert og motkulturell nynorsk konkluderer maktutgreiinga med:

"svak motstandskraft overfor presset mot norsk språk er én side ved forvitringen av den demokratiske infrastrukturen, svekkelsen av de kollektive prosjektene og de brede folkebevegelsene en annen. Slik er dyptgripende endringer i symbolske og institusjonelle maktforhold knyttet sammen." (S. 288).

Den konkrete maktutøvinga "frå engelsk" kan beskrivast med omgrepet *domenetap* for norsk, som betyr at engelsk tek over dominansen eller vert einerådande på visse bruksområde, dvs. fagområde i vitskapleg samanheng. Domenetap kan vi sjå i perspektiva frå dei tre funksjonane vi nemnde ovanfor:

i. Fagområdet mistar evna til å kommunisere lett med store delar av det norske folket, slik at faget ikkje lenger får verke inn på utviklinga på viktige samfunnsområde. Maktutgreiinga, som har som hovudkonklusjon at demokratiet "forvittrar", ser også på den aukande engelskbruken i det lyset at grupper i samfunnet får mindre tilgang til ein del kunnskapar og vert sette meir utanfor som deltakarar i ein del samfunnsfunksjonar.

ii. Det reduserer funksjonsevna til norsk språk, noko som kan forståast i lys av den kognitive funksjonen språk har (jf. pkt. B ovanfor).

iii. Det fører inn i ein såkalla diglossi-tilstand der eine språket sosialt sett står fram som høgspråk og det andre som lågspråk; språka vert altså sosiale symbol. Språkbruken ved universiteta kan sjåast i den samanhengen. Vi skal ikkje sjå bort frå at situasjonen på universiteta i neste omgang kan styrkje ønsket om "førebuing til internasjonaliseringa" med meir generell undervisning på engelsk i vidaregåande skole og grunnskole av den typen vi i dag kjenner frå IB-linjene når også norske elevar går der. I Sverige er slike engelskprogram førte enda lenger i såkalla SPRINT-forsøk, dvs. "Språk- og innehållsintegrerad undervisning", som har hatt stor oppslutning utover 1990-talet og fram til i dag. I 1999 gjekk heile 16 7000 grunnskoleelevar (av sirka 1 million) og 11 700 gymnaselevar (av sirka

390 000) på slik undervisning. (Hyltenstam 2002.) Desse forsøka har dei siste åra vorte evaluerte, jf. under kap. 5 – Problem.

Parallellføringa som Maktutgreiinga gir mellom dei tre relasjonane norsk–samisk, bokmål–nynorsk og engelsk–norsk er innsiktsgivande, for vi kan i dag lett innsjå dei negative følgjene av at norskdominansen fekk dei dominerte samane til å gå over til norsk. Når vi norskspråklege i dag står i tilsvarende situasjon, tolkar vi også lett inn det positive og ser individuelle fordelar i val, avgjerder og handlingar som i vidare perspektiv kan få negative følgjer. Det gjer situasjonen svært utfordrande når vi skal velje strategi, for mens vi understrekar farane, kan vi ikkje nekte for dei faktiske fordelane som i mange tilfelle ligg i å bruke engelsk.

Mot denne bakgrunnen kan ein òg forstå undersøkinga til Ragnhild Ljosland (2004), som har studert motiveringa hos stipendiatar for val av språkform i doktoravhandlingar, og ho legg vekt på korleis dei i fleste faga utanom samfunnsvitskap og humanistiske fag vert sosialiserte inn i eit miljø der engelskbruken er så sjølvsgd at han ikkje representerer noko bevisst val. Holdningane og normene er etablerte ofte utan grunnleggjande språkpolitiske diskusjonar i miljøa. Engelskbruken er forklart med at lærebøkene stort sett er på engelsk, at det er forventa slik av fagmiljøet som ein ønskjer å gjere karriere i, og at ein tilhører da det internasjonale fagmiljøet "selv om man gjerne ikke har så veldig mye direkte kontakt med det" (Ljosland 2004: 142). "Doktoravhandlinga er gjerne deres første større vitenskapelige arbeid, som de skal bygge en videre forskerkarriere på. Og da er det viktig å signalisere så høy prestisje som mulig – at de er kompetente og i forskningsfronten." (S. 144.) Å skrive på norsk ville vere "sært", og ein ville setje seg utanfor med å gjere det. At symbolverdien her er stor, er tydeleg av denne framstillinga. I dei beskrivne tilfella ser det ikkje ut til å vere sentralt å påvise eit faktisk behov for internasjonal kommunikasjon, dvs. at arbeida vert lesne i utlandet. Inger-Lise Schwab (2004) har utført ein liknande sosialantropologisk analyse av eit masterprogram som går på engelsk, og sett på korleis språket vert gjort til del av 'den symbolske kapitalen', som ho kallar det i tråd med terminologien etter sosiologen Pierre Bourdieu.

Når ein ønskjer å skape refleksjon kring valet av språk i ei vitskapleg avhandling og å minne om slike sosiologiske modellar, må ein unngå å generalisere for sterkt, for det finst også fagområde der det er nødvendig fagleg å bruke engelsk, og der det symbolske tel mindre. Der all fagleg drøfting skjer i kontakt med internasjonale kollegaer, vil det vere nettopp "sært"

eller lite formålstenleg å skrive på norsk ein artikkel som ein ønskjer debatt kring. Motiva for språkval kan vere samansette, og avveginga mellom mål med arbeidet og ymse motiv, må takast i kvar disiplin i kvart tilfelle. Målet her er å skape medvett om dei ulike motiva som brukar å spele ei rolle.

2.2. Universitet, kunnskap og internasjonal politikk

Det ligg neppe nokon gjennomført rasjonalitet bak vedtak og tendensar som skaper den nye språkpolitiske situasjonen. Men vi kan spørje om det er nokon som tener på dei nye verdiane. Tor Halvorsen (2004) har diskutert korleis anglifiseringa av universitets-/utdanningssystemet skaper ein internasjonal arbeidsmarknad som delar av internasjonalt næringsliv er tente med. I den store samanhengen fører det f.eks. til at den rike delen av verda tappar landa i Sør og Aust for den utdanna middelklassen (s. 73). Torild Skard, tidlegare Unesco-direktør, har nyleg understreka det same, nemleg at Vesten tappar Afrika for kompetanse (*Morgenbladet* 10.11.06). Universiteta i vår del av verda utviklar såleis eit kunnskapshegemoni, som dessutan vert forsterka gjennom rettar og patent på kunnskapar og oppdagingar som gir økonomisk profitt. Tydeleg er det når den økonomisk tunge medisinindustrien kan patentere oppdagingane sine og hindre f.eks. u-landa i å utvikle billigare medisinar. Vi har fått ein kunnskapsbasert økonomi som fungerer imperialistisk, og universiteta er gått inn i logikken styrt av den økonomien (Halvorsen 2004: 76). Same kapitaliseringa av kunnskapen skaper så vilkår for språkval og vilkår for dei kulturelle symbolverdiane som vert tillagde enkeltspråka og vert manifesterte i språkholdningane. Difor er ikkje språkval berre eit spørsmål om språk; det handlar om mykje meir.

Også privatiseringa av utdanningsinstitusjonar kan forsterke denne tendensen med å ha som mål å tene pengar på utdanning ved at ho vert transnasjonal (Halvorsen 2004: 77). Det meste av dette er ikkje skapt av noko politisk overordna maktsentrum, men vert "koordinert" gjennom det overordna fellesidealet om fortjeneste. Statlege utdanningsinstitusjonar er òg med i ordningar som indirekte styrkjer den språklege engelskdominansen og den vestlege kulturdominansen. Men det er ikkje proklamert som målsetjing. For eksempel har Bologna-avtalen om større studentutveksling ikkje sterkare engelskdominans som mål, men har det nok som konsekvens.

Ved at underholdningsindustrien har vorte del av handelsavtalar, er kultur- og språkspørsmål i dag fletta svært konkret saman med økonomisk politikk. Globaliseringsideologien som ser på både språkpress og språkdaude som ei naturleg følgje av ei ønskjeleg økonomisk utvikling, treng utfordringar. Og det finst alt motideologiar. Unesco vedtok i oktober 2005 ein konvensjon om å verna og fremje eit mangfald av kulturuttrykk, og der ser ein på kulturell variasjon som eit kvalitetskriterium (sjå f.eks. Bergens Tidende 27.12.2006 <http://www.bt.no/meninger/kommentar/landro/article327541.ece>), og ut frå det programmet kan ein slutte at å "bevare norsk som undervisningsspråk og profesjonsspråk altså kan ha ein verdi ikkje berre for kommunikasjon, men òg for kva kunnskap som vert skapt og formidla" (Halvorsen 2004: 78). Stortinget vedtok i 2006 at Noreg skal ratifisere konvensjonen. Noko tilsvarende finn ein tematisert frå International Association of Universities (IAU) i 2004: "diversity in higher education is a necessary prior condition for a fruitful dialogue within and between peoples" (Halvorsen 2004: 78-80). Dermed møter vi eit tradisjonelt dilemma mellom eit ønske om økonomisk integrering og eit ønske om kulturell variasjon.

Motideologien byggjer på tanken om at kreativitet krev impulsar frå ei variert verd, mens kontakten jamnar ut variasjonen som nettopp skal gi impulsar. Premissen er altså at kulturelt mangfald gir styrke – likeins som biologisk mangfald styrkjer overlevingsevna til livet på jorda. Ei homogenisering gjennom internasjonale standardar og kvalitetssikringar er effektiviserande, men ho hindrar variasjon og kreativitet. Peter Trudgill har kopla det språklege perspektivet til det at ulike erfaringar, ulike samfunn og ulike tankar er fruktbare for kreativiteten, og dermed grunnlag også for nyutviklingar og tilpassingar:

“the separation of the world’s population into different groups speaking different languages helps the growth of cultural diversity, which in turn can lead to opportunities for the development of alternative modes of exploring possibilities for social, political and technological progress.” (Trudgill 1991: 68.)

Alternativet til mest mogleg integrasjon ligg i å utnytte dei ulike sosiale fellesskapane. Fellesskapane må vi dyrke – f.eks. gjennom kultur og språk. Å fokusere på språket får dermed ein politisk legitimitet utan at ein hamnar i ideologiar om språka som noko essensialistisk ved fellesskapen og folket. Å markere språkpolitikk gjennom språkrøkt er f.eks. ein måte å dyrke fellesskap på (jf. òg Trosterud 2003: 208ff.). Poenget her er altså ikkje å motarbeide kontakt på engelsk, men å byggje opp ein kombinasjon av mindre og større samfunn, gjerne det som også kan kallast mang-identitetar og mang-fellesskap, dvs. identitetar og *fellesskap på ulike nivå*.

Eit interessant perspektiv har komme fram i eit fransk forslag om å utvikle ei språkopplæring i dei romansktalande landa som gjer innbyggjarane i stand til å kommunisere med kvarandre på kvart sitt språk. Poenget er at kvar snakkar sitt morsmål i kontakt med naboland innanfor den romanske kretsen. Det skal vere nokså realistisk mellom dei fleste av desse samfunna frå Italia via Frankrike til Portugal i Europa, og så heile Latin-Amerika i tillegg. Dette skal kunne redusere dominansen frå engelsk, og det skal kunne hjelpe fram ein ny fellesskap over den nasjonale. Framlegget (presentert i *Le Monde Diplomatique*, nordisk utgåve, januar/2005) viser til Norden som eit eksempel på korleis slikt kan fungere. I alle fall kan finlandssvenskar, sverigesvenskar, nordmenn og danskar kommunisere på kvart sitt morsmål og dermed oppleve og dyrke ein fellesskap på nærare 20 millionar menneske *i tillegg til* at vi føler at vi tilhører mest det eine språksamfunnet. Men skal dette fungere, må det sjølvsagt finnast ein medveten politikk som støttar opp om dei ulike identitetane.

2.3. Kva er målsetjinga?

Å sjå til sit vi med eit dilemma når vi oppdagar at internasjonaliseringa gir oss både gode utsikter og nye farar. Verda har dermed vorte vanskelegare å orientere seg i; ho krev at vi er meir bevisste og gjennomtenkte når vi gjer val, og vi må sjå at velmotiverte individuelle eller enkeltstående val kan ha negative følgjer sett i eit vidare perspektiv. Nettopp det er kanskje viktigaste innsikta som vi skal ta med vidare i refleksjonen vår. Halvorsen har formulert noko av dette i samband med det delområdet som gjeld studentutveksling:

"Globalisering og internasjonalisering av kunnskapssamfunnet gjer at implisitte føresetnader i større grad må klargjerast. Det gjeld særleg dei verdibaserte føresetnadene. Når vi sender studentar til eit bestemt land eller ein bestemt utdanningsinstitusjon, verdset vi nokre former for kunnskap framfor andre." (Halvorsen 2004: 71.)

"I siste instans vil nettopp globaliseringa av kunnskapssamfunnet ta preg av summen av dei mange små avgjerslene om korleis ein internasjonalt utdanningar, forskarnettverk, pensum eller studentprogram." (Halvorsen 2004: 81)

Det er altså viktig å ta med seg ein skepsis, men vi skal kople han til begeistring. Vi trur at gjennom ein klok parallellspråkleg politikk kan vi få både i pose og sekk. Men den parallellspråklege politikken er ikkje alltid den lettvinne vegen, og han krev heile tida eit medvett om at vi tek på oss nokre ekstrakostnader pga. det vidare perspektivet, jf. drøftinga under pkt. 2.4.

a. Det vi ønskjer å oppnå, er betre *forskingskvalitet og kreativitet* gjennom inspirasjon og deltaking i det internasjonale forskarsamfunnet. Skal denne store visjonen fungere, føreset han både kontakt og mangfald, som igjen føreset at kvar enkelt balanserer mellom å lære av andre og å utvikle noko sjølvstendig. Det motsette er å berre etterlikne. Visjonen om mangfald har vunne tilslutning i både Unesco og International Association of Universities, som nemnt ovanfor i pkt. 2.2.

Same perspektivet ligg òg til grunn for dei svenske språkvetarane Ulf Teleman og Margareta Westman i ein artikkel om “Behöver vi en nationell språkpolitik?”, der dei forklarar eit “effektivitetsargument” slik:

“Resonemanget är följande. Kulturer hålls ihop av språk. Inte minst i dagens genomkommersialiserade värld hotas kulturerna av likriktning om inte språkliga gränshinder bromsar och ger en viss tid för eftertanke. Argumentet utgår också ifrån att olika kulturer är kreativa på olika sätt och att denna pluralism är en viktig motor för utvecklingen i vår värld. (Argumentet liknar skälen för biologisk mångfald.) Vi tror att detta är en riktig tanke utan att nödvändigtvis förskriva oss till en språklig relativism, som innebär att det är språket som helt och hållet styr vår världsuppfattning. Det som ger kulturerna självkänsla och rikedom är att de språk som bär upp dem är samhällliga språk, att de bär upp offentligheter. [...]

Men ett bevarande av de nationella språken och deras kulturer är bara hälften av effektivitetsargumentet. För maximal effektivitet och kreativitet är det nödvändigt med många och goda budbärare mellan kulturerna. Eller i klartext: lika viktigt som det är att nationalspråken fortsatt stärks, lika viktigt är det att varje land disponerar över en hög grad av färdighet i främmande språk. Ty i sista hand är det impulserna mellan kulturerna som ger maximalt utbyte.” (Teleman & Westman 1997: 9.)

Altså to omsyn på same tid.

b. Universiteta har eit *ansvar overfor samfunnet*, slik at forskinga er ikkje einaste peilepunktet. Framstega i forskinga skal tilførast samfunnet; det gjeld ikkje berre i form av teknologiske nyvinningar, men òg i at allmenta skal få del i innsikter og perspektiv som ein vitenskap utviklar. I denne samfunnskontakten er ikkje allmenta berre ein mottakar, men også ein "kontrollør" eller kritkar i spørsmål om relevansen og om verdiane som ligg innebygde i forskinga. Innanfor mange fag skjer ein del av idéutviklinga i sjølve kontaktflata med den breiare allmenta, og kimen til tverrfaglege idéar kan oppstå i dei ubereknelege allmenne diskusjonane. Nyskapande forskning nyt difor godt av stor kontaktflate med samfunnet kring universitetet.

Kontakten med det norske samfunnet krev at ein brukar norsk i faglege samanhengar, og ein-sidedig bruk av engelsk kan fungere som ein måte å stengje seg inne i elfenbeinstårnet på, at engelsk vert "elitenes nye latin", som er undertittelen på ei bok om emnet (Simonsen 2004). Dermed kan det vere eit bidrag til at demokratiet "forvitrar", som maktutgreiinga formulerte det. I dette perspektivet er det eit demokratisk krav at fagleg aktivitet også skjer på morsmålet norsk. Det vil dermed seie at dersom eit fag er drive ein-sidedig på engelsk av gode vitenskaplege grunnar som f.eks. sterke internasjonale kontaktar og ambisjonar om å delta i internasjonale fagdiskusjonar, kan det vere at det sviktar ansvaret sitt overfor det demokratiet det skal fungere i.

c. Universitetet skal gi *best mogleg utdanning*, og utdanninga skal vere forskingsnær, ho skal gi innsikter og øving til kritisk refleksjon. Desse måla stiller nødvendigvis krav til god språkmeistring same kva vitenskap ein er innanfor. Ein må ha godt tak på framandspråk for å kunne tileigne seg faglitteratur og delta i fagdiskusjon, og ein må ha godt grep om morsmålet for lettare å utnytte dei nyansane som det gir som gratisressurs. Dette vil seie ein parallellspråkleg praksis. *Refleksjon kring faget* er ofte ein refleksjon kring omgrep og tankemodellar. Den språklege kontakten som alle faga våre har utover i dag, er ein viktig kontrastiv ressurs som kan utnyttast til innsikter om omgrepsdanningar.

d. Makt- og demokratiutgreiinga utnyttar dominansperspektivet også på den interne norske språksituasjonen, og den norske lova om målbruk i offentleg teneste er eit politisk verktøy som skal motverke dominansen frå eine målforma. Universitetet er plikta til å følge denne lova, som har full jamstilling av målformene som ideal og set minstekrav til bruk av kvar målform. Etersom Universitetet i Bergen ligg i den regionen der den dominerte målforma, nemleg nynorsk, har sitt tyngdepunkt, er det naturleg at Universitetet legg vekt på å praktisere mest mogleg jamstilling og å bruke nynorsk ein god del meir enn det som er minstekravet i lova om målbruk. Ei slik språkleg linje vil ha god språkpolitisk verknad både utanfor og innanfor Universitetet, og ho vil vere i tråd med demokratiomgrepet i den nemnde utgreiinga. Etersom nynorsken er den mest pressa målforma i samfunnet, bør ein vere mest oppmerksom på å gi inspirasjon til nynorskbruk og skape interne praksisar som styrkjer nynorsken. Ein slik politikk kan òg støtte seg på førebuinga til å skipe Universitetet i Bergen, da det var mange og til dels sterke krav om at det nye universitetet skulle tuftast på nynorsken. I innstillinga frå universitetskomiteén av 1938-39, den såkalla Indrebø-innstillinga, var den sterke stillinga til nynorsken på Vestlandet eit sentralt punkt, og i innstillinga heitte det "at det var rimeleg å

taka omsyn til dette faktiske samfundshøvet”, men ikkje utan atterhald, berre når det kunne ”gå fyre seg utan skade for dei vitskaplege umsyni” (Forland 1996: 252-3).

Forslag til språkpolitisk målsetjing:

Norsk er hovudspråket til Universitetet i Bergen. Det vil seie at undervisningsspråket, administrasjonsspråket og det daglege arbeidsspråket til vanleg er norsk. Universitetet legg også stor vekt på god kontakt med internasjonal forskning, noko som krev at delar av verksemda må skje på eit av dei større internasjonale språka, oftast engelsk. For både å vere aktiv i internasjonal forskning og å ta i vare ansvaret overfor det norske samfunnet har Universitetet som mål å utvikle mest mogleg parallellspråkleg praksis. Valet av språk bør vere formålsretta og ikkje styrt av politisk prestisje. Det skal praktiserast godt språk både på norsk og på framandspråk.

2.4. Vegar å gå

Dei gode målsetjingane fører til at ein parallellspråkleg praksis er beste vegen å gå – ikkje først og fremst fordi slik praksis er ein god defensiv strategi, men fordi det er ein offensiv strategi for å styrkje både forskinga og samfunnskontakten. I dei neste kapitla vil vi prøve å stake ut nokre fleire konkrete retningslinjer.

Den parallellspråklege praksisen krev medvett, vilje og resursar. Medvettet går på at ein må vere oppmerksom på at vedtak og praksisar kan ha følgjer som går ut over det som var intensjonane. Det skjer ofte at det i det snevre perspektivet er mest praktisk og økonomisk å bruke berre eitt språk, mens ein slik einspråkleg praksis i eit vidare perspektiv kan styrkje kulturmønster som er uheldige, jf. drøftinga under pkt. 2.2. For å sikre at det vert teke omsyn til det vidare perspektivet, er det nødvendig å ha overordna prinsipp som gir rettleiing. Difor trengst det språklege retningslinjer for korleis ein skal gjere språkvala i undervisning og forskning. For å sikre at medvettet om det overordna perspektivet vert halde oppe også i det daglege praktiske perspektivet, treng ein påminningar om at ein faktisk er i vallsituasjonar – f.eks. ved at ein må eller kan klikke på norsk eller engelsk flagg på nettsidene – og om at ein sjølv kan påverke symbolverdien som den språklege praksisen har.

Universitetet i Bergen bør markere sin overordna språkpolitikk med å honorere og markere ved ymse høve den ideelle språkpraksisen. Vi har ovanfor under pkt. 2.2. drøfta korleis engelsk språk har fått slik symbolverdi i dag ved at det er eit dominerande språk. Vi kan påverke desse symbola ved at Universitetet framhevar verdien i den parallellspråklege praksisen. Ei erkjenning av at vi faktisk lever også i ei symbolverd, gjer at vi må koste på oss "litt symbolpolitikk"; elles kan vi lure oss sjølve. 'Symbolpolitikk' er dermed ikkje berre eit ironisk ord.

2.5. Kva skal vere det internasjonale språket?

Vi har nemnt ovanfor både fordelane med internasjonale språk og at det er prinsipielle ulemper med at det vert berre eitt språk som dominerer. Når det i dag i praksis er engelsk som er vorte det sterkaste internasjonale språket, er det på éin måte sett inga ulempe for Noreg, for engelsk er eit så nærstående språk til norsk at vi har fordelar når vi skal lære.

Ikkje minst ut frå den faktiske situasjonen er det rimeleg at vi i praksis oftast tenkjer på engelsk som det internasjonale språket i vår samanheng, at vi systematisk prøver å betre kompetansen i det språket, og at vi meir systematisk presenterer Universitetet, studia og forskinga parallelt på norsk og engelsk. Det vert det også lagt opp til i denne innstillinga. Men vi vil understreke at det er uheldig om Universitetet avgrensar seg til berre engelsk i det utoverretta arbeidet. Universitetet bør også ha som mål å hente inn allsidig inspirasjon og ha eit mangfald av kontaktar også utanfor den engelsk-dominerte delen av verda. Noko av vårt bidrag til mangfaldet kan vere nettopp å gå utanom den mest dominante kulturen i ein del tilfelle. Her er det rett å minne om at m.a. Europarådet (av 1949) har anbefalt at ungdommar lærer seg to framandspråk i tillegg til morsmålet. Dessutan kan det vere taktisk lite klokt å binde seg einsidig til engelsk-dominansen, for det er ikkje fastlagt at engelsk kjem til berre å styrkje seg i framtida. Pendelen har neppe slutta å skifte retning. Somme forskarar meiner at også globaliseringa "snur" eller skiftar karakter no (jf. intervju med Jørgen Randers frå *BI i Dag og Tid* 12.1.07).

Ut frå slike overlegningar går vi i dei følgjande kapitla inn for ein styrkt parallellspråkleg praksis med norsk og engelsk, men ønskjer at Universitetet markerer på fleire måtar ei interesse for språkleg mangfald, og at det stimulerer til bruk av fleire språk.

3. Språksituasjonen ved Universitetet i Bergen

Dei fleste faga har i dag tradisjon for å bruke både engelsk og norsk (eller skandinavisk) som fagspråk. Men med det store mangfaldet av fagmiljø som finst på Universitetet i Bergen, skiftar det mykje i kor stor grad ein bruker kvart av desse to språka. På framandspråksinstitutta bruker ein sjølv sagt andre språk enn engelsk også, og på andre fag finst det nok òg framleis innslag av tysk i fagleg samanheng. Når det gjeld forholdet mellom engelsk og norsk, står nok bruken av engelsk sterkast innanfor realfaga, medisin, odontologi og psykologi, mens norskbruken dominerer på jus og står sterkt i dei humanistiske faga og i samfunnsfaga.

Når ein skal beskrive bruken av fagspråk, bør ein ta omsyn til fleire brukssamanhengar: den daglege munnlege fagkommunikasjonen på instituttet, vitenskaplege publikasjonar, fagformidling og undervisning. Dei tre siste punkta vert drøfta i seinare kapittel. For dei to første kan det finnast fleire mønster:

A: Den daglege fagsamtalen skjer på norsk (arbeidsspråk) – dvs. på seminar, i laboratoriet og på korridoren – det meste av faglege publikasjonar vert skrivne på norsk (publiseringsspråk), men jamleg skriv ein artiklar og konferanseinnlegg på engelsk eller eit anna utanlandsk språk.

B: Den daglege fagsamtalen skjer på norsk, all original publisering skjer på engelsk.

C: Mykje av den daglege fagsamtalen skjer på engelsk pga. utanlandske kollegaer (men mellom nordmenn skjer den på norsk), all original publisering skjer på engelsk.

D. All fagsamtale skjer på engelsk, også mellom norske forskarar. Men norsk er brukt i sosialt samvær. All publisering skjer på engelsk.

Denne skjematisk kategoriseringa kunne også framstillast slik (der + skal lesast som norsk og - som ikkje-norsk):

Mønster	Sosialt samvær	Arbeidsspråk	Publiseringsspråk
A	+	+	+/-
B	+	+	-
C	+	+/-	-
D	+	-	-

Siste typen finst nok neppe ved Universitetet i Bergen, for det er vanleg at utanlandske forskarar også lærer seg å bruke norsk etter nokre semester. Men kva mønster som rår, skiftar nok sterkt frå fakultet til fakultet. Engelsk har nok vorte stadig viktigare som publiseringsspråk, men ikkje svært markert, jf. kap. 6. Tendensen kan vere eit resultat av den allmenne forskingspolitikken, som f.eks. Universitetet i Bergen har slått fast i den strategiske planen sin for åra 2005-2010: "Universitetet i Bergen vil være en forskningsinstitusjon på internasjonalt nivå og ledende på utvalgte forskningsområder." Men det er òg ein del av den allmenne internasjonaliseringa. I det daglege arbeidet treng ikkje dette vere like tydeleg, for samtalspråket er i hovudsak norsk, og tilsette med ikkje-skandinavisk bakgrunn lærer seg å bruke norsk. Når ein skal beskrive språksituasjonen, kan det vere nyttig å skilje mellom 'publiseringsspråk', 'arbeidsspråk' og 'samværspråk'. Utan dei meir presise omgrepa gir framstillingane lett inntrykk av meir engelskbruk enn det som er tilfellet. Fagleg aktivitet omfattar mykje meir enn dei skrivne publikasjonane.

I somme miljø der talet på tilreisande på kortare opphald har auka, har nok engelsk òg vorte viktigare som dagleg arbeidsspråk. Vi har ingen tal for dette, men reknar det som ei naturleg følgje av auka tal på forskarutvekslinga.

Ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet er engelskspråkleg publisering heilt dominerande. Innanfor somme emne er også samarbeidet med utanlandske forskings- og utdanningsmiljø så stort at delar av det daglege arbeidet og av undervisninga føregår på engelsk. Dette kan ein òg finne igjen på somme samfunnsvitskaplege institutt.

Også i undervisninga er engelsk brukt mykje, særleg på masternivå. På Universitetet samla vart det hausten 2006 undervist på engelsk i 190 emne av i alt 1184 emne, dvs. 16 %. Målet med undervisninga på engelsk er å integrere norske og utanlandske studentar og å bruke engelsk fagspråk.

Ved både Det historisk-filosofiske og Det samfunnsvitskapelege fakultetet skjer ein vesentleg del av forskingspubliseringa på norsk, sjølv om den engelskspråklege også er omfattande. Publiseringsspråket vert nok oppfatta som eit pragmatisk val på den måten at språket er bestemt av kvar ein reknar med å få den største lesarkretsen, og kvar den mest relevante kritikken og reaksjonen kan dukke opp. For fleire av faga på Det historisk-filosofiske fakultetet er det slett ikkje engelsk språk som gir beste "publikumet", for eit mål med forskingsprodukta er ofte å vere med i ein eller annan "diskurs" i vårt eige samfunn.

Tannlegestudiet (mastergraden i odontologi) har preklinisk undervisning (første 1,5 år) saman med medisinstudentane. Undervisninga føregår på norsk der målgruppa i hovudsak er studentar som skal utøve arbeid i eit menneskebehandlande yrke, der det er viktig å kunne kommunisere godt. Ved kvalifiseringsprogrammet som utdannar og godkjenner tannlegar utanfor EØS-landa, er undervisninga på norsk. Dette er viktig fordi desse kandidatane ikkje har norsk som morsmål og skal arbeide i det norske samfunn. For studiet *Master of Oral Health* (1 eller 2-årig studium utover 5-årig profesjonsstudium i odontologi) føregår undervisninga på engelsk, ettersom studentane kjem frå mange ulike land og spesielt frå utviklingsland. Dette studiet førgår i nært samarbeid med Senter for internasjonal helse. Fakultetet utdannar også spesialistar innanfor ulike kliniske tema. Undervisninga er i hovudsak på engelsk i kurs som er omfatta av basiskursa (*Core curriculum*). Slik er det fordi målgruppa er internasjonal i dette tilfellet.

Det medisinske fakultetet har sirka 1300 studentar. Storparten av pensumlitteraturen er på engelsk, men undervisninga er i all hovudsak på norsk. Det er om lag 100 utanlandske studentar ved fakultetet; ein stor del av dei går ved Senter for internasjonal helse gjennom kvoteprogram, og dei får både undervisning og rettleiing på engelsk. Fakultetet har utvekslingsavtale med Universitetet i Lübeck, og studentar og lærarar kjem annakvart år til kvart land. Der går det meste på engelsk, men somme har førelese på tysk.

Meir enn ein firedel av norske legar har studert i tyskspråklege land, men tysk har likevel ikkje fått nokon viktig posisjon i norsk medisin dei siste 30 åra. I dag studerer medisinarar i enda fleire land, men også det vert verande ein uutnytta resurs.

Ved Det psykologiske fakultetet er det stor fagleg breidd frå biomedisinske fag på eine sida til samfunnsvitskapeleg prega fag på den andre. Difor skiftar også mønsteret for språkbruk mykje.

På lågare grad og bachelor-programma går undervisninga som regel på norsk. Det same gjeld også profesjonsstudiet i psykologi og fleste masterprogramma. Men to masterprogram er internasjonale og har undervisninga på engelsk.

Del 2

4. Fagterminologi og fagspråk

Situasjonen i dag

Norsk fagspråk er viktig for å kunne formidle kunnskap og innsikt til samfunnet (jf. målsetjinga i b i pkt. 2.3.), å få god læring (jf. c i pkt. 2.3.) og for å sikre den strategiske situasjonen, slik strategidokumentet *Norsk i hundre!* frå Språkrådet (2005) legg vekt på: ”Skal norsk i framtida framleis vert brukt på alle domena i samfunnet, er vi avhengige av at det finst norsk terminologi og eit levande norsk fagspråk som kan fungera ved sida av det engelske på alle fagområde.” (Ni100 2005: 138. Jamfør òg Laurén & Myking 1999.) På same staden i *Norsk i hundre!* vert arbeidet med fagspråk forklart slik:

”Vi bruker språket både til å utvikla, lagra og formidla kunnskap. Når det er tale om spesialisert kunnskap innanfor spesifikke fagområde eller domene, er det gjennom terminologien på det aktuelle fagområdet at den spesialiserte kunnskapen blir organisert og gjord tilgjengeleg for kommunikasjon. Terminologien er altså ei samling med faglege omgrep og uttrykk – oftast omtala som termar. Den sentrale oppgåva for terminologiarbeidet er å systematisera og leggja til rette denne terminologien slik at han fungerer best mogleg i kommunikasjon, ikkje berre innanfor fagområdet, men òg mellom ulike fagområde og mellom fagspesialistar og folk flest.”

Det må òg takast fram att her at det på forskingsnivå er viktig å vere godt kjend med framandspråkleg fagspråk, slik vi har omtalt under a i målsetjinga i pkt. 2.3.

Kva mønster som rår på Universitetet i Bergen for bruk av norsk og utanlandsk fagspråk, skiftar nok sterkt frå fag til fag. Når det gjeld publisering, kjem vi tilbake til det under kapittel 6, og der er det auke i engelskbruk. I pensumlitteraturen er det ikkje opplagt at utviklinga har vore den same, jf. kapittel 5, for i somme nye fag og disiplinar har norskspråkleg pensum komme inn etter kvart som disiplinen har etablert seg. Innanfor undervisning har det nok vorte vanlegare at forelesingane er på engelsk, men heller ikkje her kan vi vise til tal. Der engelsk dominerer som publiseringsspråk for forskning, vil det nok oftast finnast populærvitskaplege artiklar på norsk, men det er ikkje tilstrekkeleg til å halde oppe ein fagterminologi på norsk.

Problem

- Engelsk vert nok eit stadig viktigare publiseringsspråk for forskarane våre, og samtidig er pensumet på mange fag svært engelskdominert. Det skaper vanskar når ein skal halde oppe det norske fagspråket. Men så lenge den innleiande undervisninga på så godt som alle fagområda våre skjer på norsk, er det sjølvstundt med på å sikra eit visst minimum av norsk fagterminologi. Pensum på eit framandspråk er ikkje utan vidare ei ulempe, for med ekstraarbeidet som framandspråket gir, får ein også god språkleg øving. Men det er viktig å leggje denne pensumlesinga til rette pedagogisk både for å lette læringssituasjonen og med det for auge at ein da held oppe eit norsk fagspråk. Fysisk institutt har teke dette alvorleg og laga ei termliste med norske og engelske oppføringar for kursa sine på 100-nivå. Den er tvillaust til god hjelp for både studentar og forelesarar, og det bør drivast slikt målmedvete terminologisk arbeid innanfor fleire fag.
- Mindre primærpublisering på norsk av forskinga ved Universitetet i Bergen fører med seg eit tap for norsk fagspråk, og det vil i neste omgang gjere forskingsformidlinga vanskelegare.
- Om studentane ikkje vert øvde opp i å bruke norsk fagspråk, er dei ikkje så godt budde som dei burde vere til å formidle kunnskapane sine vidare på god norsk i yrkesutøvinga som f.eks. lærarar og konsulentar.
- I tilfelle der norsken vert lite brukt i den munnlege fagsamtalen, er risikoen stor for at eit blandingspråk arbeider seg inn der både engelske termar og engelske frasar vert brukte i norske setningar fordi ein ikkje er van med å aktivere dei norske faglege uttrykksmåtane. I slike miljø må ein tenkje spesielt igjennom korleis ein skal greie å halde oppe norsk som fagspråk. Det er ikkje nok at dei norske fagorda finst i lister, dei må òg *brukast*. Det skjer først og fremst gjennom forskning, forskingspublisering, undervisning og formidling.

Forslag

Universitetet i Bergen bør sikre mest mogleg parallellspråkleg praksis mellom norsk og engelsk (eller andre språk der det er meir aktuelt) på alle faglege spesialiseringsnivå. Difor rår vi til at

4A: Fagmiljø som manglar termlister, bør utvikle slike, og den norske terminologien må gjerast lett tilgjengeleg for alle brukarar, f.eks. på nettet i tillegg til i undervisninga.

4B: Dei ymse universitetsfonda vert oppmoda til å gi stønad kvart år til fagterminologiske prosjekt som skal utvikle fagordbøker, der termene vert definerte innhaldsmessig og i jamføring med internasjonal terminologi.

5. Undervisning

Situasjonen i dag

Universitetet i Bergen er eit mellomstort europeisk breiddeuniversitet med 7 fakultet og 40 institutt i tillegg til ei rekkje andre faglege einingar som alle driv undervisning på ulike nivå. Hausten 2006 hadde Universitetet i Bergen i alt 15711 registrerte studentar. Av desse var 1717 utanlandske. Fordelte på lågare grad og høgare grad er tala 8518 (1073 utanlandske) og 7193 (644).

På *lågare nivå* tilbyr Universitetet i Bergen 67 bachelorprogram og 30 årsstudium. Studietilboda på lågare grad vert i utgangspunktet gitt på norsk, sjølv om undervisninga i somme kurs kan vere på engelsk. (I framandspråksundervisninga vert det sjølvstundt undervist i det språket faget gjeld.) Til somme emne er det slik at dersom det kjem studentar som ikkje forstår norsk, vert det i den grad det er råd, undervist på engelsk. Dette er viktig med omsyn til integreringa av dei utanlandske studentane med dei norske. Universitetet i Bergen hadde hausten 2006 i alt 1184 emne som det vart gitt tilbod om undervisning/eksamen i på alle nivå samla. Av dei vart 316 emne tilbydd for internasjonale studentar, og av desse 316 vart:

- 130 lyste ut som engelskspråklege emne
- 97 lyste ut med teksten "English if international students attend the course" eller tilsvarande. 60 av dei fekk internasjonale studentar.
- 77 lyste ut som norskspråklege
- 12 lyste ut med anna undervisningsspråk

På dei 60 emna der det vart undervist på engelsk etter formuleringa "if international students attend", var det registrert 193 studentar i alt med engelsk som språkform.

I dei aller fleste faga er pensumlitteraturen ei blanding av norske, nordiske og engelske tekstar, nokre fag har jamvel innslag av andre språk, sjølv om slike tekstar var meir vanlege før. Framandspråka har sjølvstundt tekstar på det språket det vert undervist i der. Nokre fag, til dømes jus og nordisk, har heller få innslag av tekstar på framandspråk. Ein kan likevel seie at i hovudsak møter studentane ved Universitetet i Bergen ei blanding av norsk og engelsk i undervisninga på lågare grad, men med fakultetsvise skilnader. Også i dei faga der ein har sterk tradisjon for engelsk som publiseringsspråk, som tilfellet er med dei fleste av realfaga, vert det på lågare grad lagt meir vekt på norsk pensum og på å bruke grunnbøker. Eit fag som fysikk har som alt nemnt også prøvd å bøte på det pedagogiske problemet med

engelskspråkleg pensum ved å lage engelsk-norske termlister til hjelp for studentar på grunnkurset.

Samla sett har engelskprosenten i pensumlitteratur på grunnnivået ved universiteta i Noreg gått ned frå 49 til 47 frå 1979 til 2000 viser ei undersøking frå NIFU. Prosentdelen av litteratur på svensk og dansk har felle enda meir, slik at norskprosenten har stige frå 38 til 49. Forholdstala mellom språka i pensumlitteraturen i dag skiftar frå fag til fag, frå f.eks. 57 innanfor humanistiske fag til 51 på samfunnsvitskaplege og 36 på naturvitskaplege. På høgskolane er norskdelen større. (Etter *Forskerforum* 1/2002 s. 10-11.)

På *høgare nivå* tilbyr Universitetet i Bergen per i dag 129 masterstudium (2-årige påbyggingsstudium) og 14 såkalla integrerte masterprogram (4- eller 5-årige) og profesjonsstudium. Av dei 2-årige tilboda er det 9 som vert lyste ut som engelskspråklege, og her vert all undervisninga gitt på engelsk. Desse programma er i utgangspunktet oppretta for utanlandske studentar, men mange av dei tek òg opp studentar med norsk bakgrunn.

På høgare grad er det meir vanleg med kurs og emne på engelsk også i dei andre masterstudia av di f.eks. somme forelesarar er utanlandske. Ein har òg ofte gjesteforelesarar frå andre land på vitjing, og dei vil normalt undervise på engelsk. I mange av faga, særleg i realfag, men òg i nokre av samfunnsfaga, vert studentane oppmuntra til å skrive masteravhandlinga på engelsk, ettersom det kan gjere det lettare å få publisere i internasjonale tidsskrift.

I profesjonsstudia vil undervisninga normalt vere norsk gjennom heile studiet, ettersom desse studia førebur for ei yrkesutøving som i all hovudsak er retta inn mot det norske samfunnet, og da er det ein premiss for utdanninga at desse kandidatane kan kommunisere godt på norsk.

Universitetet skal gi forskingsnær undervisning – som ofte vil seie at ein må orientere seg i internasjonal litteratur – samtidig som det skal utvikle gode læringsvilkår – som føreset solid bruk av morsmålet (jf. målsetjinga i c i pkt. 2.3.). Koplinga av desse to omsyna vert ikkje enklare av at vi ønskjer både stor studentutveksling, og at dei norske studentane vert gode formidlarar av fagkunnskap i det norske samfunnet (jf. målsetjinga i b i pkt. 2.3.).

Problem

- Det er viktig at studentane lærer seg å arbeide med faget på både norsk og eit framandspråk. Å lese fagstoff på engelsk er nødvendig og viktig med tanke på seinare fagutvikling. Difor er det naturleg at delar av pensumet er på engelsk eller eit anna framandspråk. Men på lågare grad kan det vere eit problem når både mykje av pensumet og mykje av undervisninga vert gitt på engelsk. Det er grundig påvist gjennom pedagogiske studiar at det gir læringsproblem, som ein må prøve å unngå.

- Dei omfattande forsøka som er gjorde i utlandet med fagundervisning på engelsk, kan gi oss nyttig innsikt i korleis ein skal utvikle ein betre pedagogikk for norskspråklege studentar som må følgje kurs som går på engelsk. Resultat frå dei svenske SPRINT-forsøka tyder på at det faglege utbyttet vert dårlegare ved slik undervisning, for ein undervurderer kor lang tid det tek å utvikle andrespråkskompetansen så godt at ein kan tileigne seg fagstoff på fullgod måte. (Det tek kanskje 10 år). I mellomtida er det viktig å arbeide med faget også på morsmålet for å

"underlätta förståelse och förmedlande av kognitivt krävande resonemang" (Falk 2001: 39). "I enlighet med språkinlärningsteorier försvårar en avstannad utveckling i förstaspråket inlärningen av andraspråket, så en forstätt utveckling av förstaspråket gynnar även utvecklingen av målspråket. [...] Att t ex samköra undervisning på engelska och svenska skulle antagligen minska eventuellt negativa effekter" (Falk 2001: 38).

Med utgangspunkt i slike erfaringar er det ønskjeleg at fag som gir mange kurs på engelsk, utviklar ein målmedveten pedagogikk der fagutviklinga skjer også på morsmålet. Det er samtidig å leggje til rette for god forståing av utanlandsk fagspråk. Det kan skje gjennom seminar og gruppearbeid der det engelskspråklege pensumet vert drøfta og bearbeidd på norsk og med eit norsk fagspråk.

- Dei fleste som vert utdanna frå Universitetet i Bergen, skal praktisere eit yrke i Noreg, og dei har difor behov for å kunne formidle og samtale om faget sitt på norsk. Dette norske fagspråket må dei øve seg i på universitetet.

- Mange norske studentar overvurderer eigen kompetanse i engelsk, og erfarer at det er stor skilnad på dagleg-engelsk og vitskaps-engelsk.

- Mange av dei norske lærarane er ikkje støe nok i engelsk til å undervise levande og godt på det språket. Studentar kommenterer òg stundom at undervisninga ikkje vert fullgod når ho

skjer på engelsk. Vi viser her til at det alt er foreslått tiltak frå ei gruppe som 25.4.06 leverte innstilling om kompetanseheving for tilsette ved UiB.

- Somme av dei utanlandske lærarane ved Universitetet i Bergen er ikkje støe nok i norsk, og grip gjerne til engelsk for å gjere seg betre forstått, med det resultat at undervisninga ikkje vert god nok. Det bør betrast gjennom norskopplæring for dei tilsette.
- Studentar får ofte ikkje nok øving og rettleiing i å skrive fagspråk. Ei løysing er å gjere som på Biologisk institutt at ein har eigne kurs i akademisk skriving på høgare nivå.

Forslag:

5A: Hovudregelen må vere at grunnopplæringa er på norsk slik at undervisningsspråket er norsk på 100-nivået, men med opning for bruk av engelsk på enkeltkurs på 200-nivå. Unntak elles kan vere for kurs som er spesielt tilrettelagde for utanlandske studentar og forelesingar/kurs gitt av utanlandske gjester.

5B: Det er ønskeleg at ikkje for mange kurs vert lyste ut med formulering som seier at undervisninga vert gitt på engelsk dersom nokon ønskjer det. Det kan verke uryddig, og det kan gi feile signal. I planlegginga av undervisning bør *alle* (studentane og lærarane) vere informerte på førehand om undervisningsspråk. Det forenklar også administrasjonen om samarbeidsavtalane om studentutveksling er retta mot visse kurs.

5C: Studentar på høgare nivå bør kunne nytte fagspråk på både norsk og engelsk og eventuelt andre språk. Eit godt og viktig tiltak vil vere øving i å skrive fagtekstar på norsk og eit utanlandsk språk i ulike sjangrar og for forskjellige målgrupper.

5D: Fagmiljøa bør oppmodast til å utarbeide termlister på norsk og engelsk til bruk for undervisninga på lågare grad.

5E: Norskopplæringa for lærarar med ikkje-skandinavisk bakgrunn må styrkjast, sjå kap. 11.

5F: På høgare grad bør studentane oppmodast om å bruke pensumlitteratur også på andre framandspråk enn engelsk, og ein bør kreditere studentar som gjer det.

5G: Studentar som skriv masteravhandling på eit utanlandsk språk, skal ha med eit samandrag av oppgåva på norsk, og tilsvarande skal masteravhandlingar skrivne på norsk ha eit samandrag på eit større internasjonalt språk. Samandraget skal vere på f.eks. 5 sider og innehalde ein presentasjon av emnet og metoden og gi ei fagleg drøfting av resultata som avhandlinga legg fram. Retningslinjer om dette skal stå i alle dei aktuelle studieplanane. Det kan vere svært nyttig om samandraget vert skrivne som ein artikkel. (Dette skal ikkje gjelde utanlandske studentar som er ved UiB på internasjonale mastergradsprogram.)

5H: Eksamenssvar skal normalt skrivast på norsk, men ved somme kurs bør studentar som ønskjer det, ha høve til å velje å svare på engelsk. Studentar bør ikkje vere nøydde til å skrive eksamenssvar på engelsk i kurs der dette ikkje er ein del av eigenarten til eller intensjonen med kurset. Eksamensoppgåvene skal givast på både bokmål og nynorsk.

5I: Det bør lagast kurs og systematisk rettleiing for å styrkje den språklege kompetansen til dei som underviser på engelsk.

6. Forsking og publisering

Situasjonen i dag

Som nemnt i kapittel 4 er Universitetet i Bergen eit mellomstort universitet med 7 fakultet, 40 institutt og ei rekkje andre faglege einingar. Til saman arbeider 1 736 personar i vitskapelege stillingar.

Forskinga skal dyrke kreativitet og kvalitet (jf. målsetjinga i a i pkt. 2.3.), og ei følgje av det er at kontakt med det internasjonale forskarsamfunnet er svært viktig, og det bør vere avspegla i publiseringsprofilen. Men for mange fag er også kontaktflata innover i det norske samfunnet sentral. Tabellen nedanfor over forskingspublisering kan lesast i dette perspektivet.

Fakultet \ språk	Nordisk samla	Engelsk	Fransk	Tysk	Spansk	Totalt per fakultet
	%					
Historisk-filosofisk	59	35	1	2	2	99 (1480)
Jus	93	6	0	1	0	100 (237)
Matematisk-naturvitskapleg	18	82	0	0	0	100 (1882)
Medisin	18	82	0	0	0	100 (1407)
Odontologi	31	69	1	0	0	101 (172)
Psykologi	52	48	0	0	0	100 (740)
Samfunnsvitskap	43	56	0	0	1	100 (1206)
Sum	37	62	0 ¹	1 ²	1 ³	101 (7124)

Tabellen viser innrapporterte data til Frida for året 2005 frå dei sju fakulteta samla for kategoriene *Tidsskriftartikkel, Konferansebidrag og fagleg presentasjon, Bok, Rapport eller avhandling og Del av bok/avhandling*.⁴

¹ Bak null-prosentane i denne kolonnen er det 1 publikasjon på fransk på Mat-Nat.

² Bak null-prosentane i denne kolonnen er det 4 publikasjonar på tysk på Mat-Nat, 1 på Medisin,, 1 på Psykologi, og 5 på SV.

³ Bak null-prosentane i denne kolonnen er det 1 publikasjon på spansk på Medisin.

⁴ Underlaget for 'nordisk samla' er:

Fak \ språk	Norsk	Bokmål	Nynorsk	Norsk samla	Dansk	Svensk
HF	352	319	136	807	27	33
JUS	40	116	60	216	1	3
MatNat	170	98	37	305	4	21
Med	118	126	4	248	4	6
Odo	30	16	1	47	0	6
Psy	152	180	36	368	4	10
SV	162	269	69	500	2	18
Sum	1024	1124	343	2491	42	97

Denne tabellen viser altså at engelsk er det mest brukte språket i vitenskapelige arbeid fra Universitetet i Bergen, dvs. 62 %. Men godt over ein tredel er på nordisk. Mellom fakulteta er det store forskjellar, som rimeleg er. På Det matematisk-naturvitenskapelige og Det medisinske fakultetet dominerer engelsk, og på Det odontologiske og Det samfunnsvitenskapelige fakultetet utgjør engelskspråklege publikasjonar også fleirtalet. Nordisk (i praksis mest norsk) dominerer heilt på Det juridiske fakultet, og dei nordiske språka har også fleirtalet av publikasjonane på Det historisk-filosofiske og Det psykologiske fakultetet. Norsk står nok sterkare enn det ser ut til i UHR-utgreiinga s. 19.

Situasjonen som denne statistikken fortel om, er uttrykk for dei ulike innretningane som pregar fakulteta våre. (Forskjellane mellom institutta er nok også store, men det er unødvendig å drøfte vidare her.) Det ulike preget kan gjelde både studieobjektet og lesarkretsen ein ønskjer å fange inn med språkforma i publikasjonen. For faga særleg ved Det juridiske, Det historisk-filosofiske og Det samfunnsvitenskapelige fakultetet ligg forskingsobjektet ofte innanfor det norske samfunnet, og den offentlegheita ein diskuterer faget i, er da naturleg nok ikkje berre fagkollegaer innanfor disiplinen, men både kollegaer frå andre fag og "den opplyste allmenta". Ein veit at dei faglege diskusjonane og dei nye innsiktene og tolkingane er av interesse for vide grupper av folket, og dei bør vere det. Målet med språkvalet i publikasjonane er altså neppe først og fremst å skape eller halde oppe norsk fagspråk, heller ikkje kjem det av "ren makelighet" og "for å skjerme seg fra internasjonal kritikk" (Ystenes 2004: 71), men for å nå ut til det mest relevante publikumet. Fagleg sett er det nettopp viktig at det heimlege samfunnet får innsikt i det ein driv med, for publikum kan faktisk utføre kvalitetssikring på arbeidet. Dessutan er innsikta ein ønskjer å vinne, ikkje resultat av eksperiment med klare konklusjonar, men ofte meir eit spørsmål om tolkingar og ei drøfting av premissar for ulike tolkingar. Her kan den gode forskinga vere avhengig av brei kontaktflate i diskusjonen. (Kalleberg 2004, jf. òg Hagen & Johansen 2006.) Publisering på engelsk kan i slike tilfelle vere eit sidespor. Innanfor somme disiplinar kan også skandinavisk språk fungere som det internasjonale språket, for mange utanlandske forskarar som har interesse for samfunna våre, meistrar skandinavisk språk.

Fakultetsgrensene er ikkje klare grenser for den faglege innretninga. Men på Det matematisk-naturvitenskapelige, Det medisinske og Det odontologiske fakultetet gjeld truleg forskinga oftare eksperiment som lettare kan ha direkte og praktisk overføringsverdi for kollegaer i andre land, og kritikken av resultata og tolkingane må først og fremst komme frå dei som har

tilsvarende erfaring med disiplinen. Det gjør det på ein heilt annan måte nødvendig å bruke eit internasjonalt språk som kan lesast utanfor Norden og det publikumet som meistrar skandinavisk.

På Det psykologiske fakultetet er truleg noko av forskarmiljøet prega av det same, slik som biomedisin og innanfor kliniske fag, mens andre miljø som pedagogikk og slike som ligg nær samfunnsfag, er meir retta mot det norske samfunnet.

Prosentdelen av publikasjonar skrivne på engelsk har auka noko siste tjue åra. Kyvik (2001: 15) viser at det har vore ein viss auke, mest i samfunnsvitenskaplege fag, frå 1979 til 2000. Etter hans kategoriseringar har omfanget av publikasjonar på engelsk gått opp frå 62 % i 1979–81 til 71 % i 1998–2000, altså 9 prosentpoeng på 20 år. Eit klart fleirtal av doktorgradsavhandlingane ved Universitetet i Bergen vert skrivne på engelsk. Av dei vel 2030 avhandlingane som ligg i Universitetsbiblioteket (UB) sin ph.d.-database, er vel 1650 eller 80 % på engelsk. Dette er tal for åra 1948-2004, og det er grunn til å tru at prosentdelen er høgare i dag. Men samla for heile landet låg òg prosentdelen på 80 % i 2002, og det prosenttalet har stige frå 66 i 1981 (Schwach 2004: 32). Over 90 % av avhandlingane UB legg ut i fulltekst i publiseringstenesta BORA (Bergen Open Research Archive), er på engelsk, men her er det førebels få avhandlingar frå Det historisk-filosofiske og Det juridiske fakultetet.

Publiseringsprofilen skil seg også på andre måtar mellom fakulteta. I tabellen ovanfor tel alle typar publikasjonar likt, men på Det historisk-filosofiske og Det samfunnsvitenskaplege fakultetet er relativt mange av publikasjonane bøker. For eksempel utgjer dei vel 8 % av publikasjonane der (eller 125 i absolutt tal) på Det historisk-filosofiske fakultetet, mens dei på Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet står for 1 % (eller 20). Nordisk språk står også sterkare i bokproduksjonen enn i artikkelproduksjonen, nemleg med 25 % på Det matematisk-naturvitenskaplege og 76 % på Det historisk-filosofiske fakultetet. Vil ein ta omsyn til omfanget av enkeltpublikasjonane, står altså nordisk språk seg sterkare enn det tabellen ovanfor viser.

Problem

- At publiseringa på framandspråk er stor, kan vere eit godt teikn på at dei tilsette tek del i det internasjonale fagmiljøet. Om prosenttalet for framandspråkleg publisering går opp, er ikkje

det heller utan vidare negativt. Men går det absolutt talet eller omfanget på den norskspråklege publiseringa ned, er det ein fare for at det er uttrykk for at faga trekkjer seg ut av den norske samfunnsdebatten – i tillegg til at det vil svekkje norsk som fagspråk på mange viktige felt. Det svekkjer ei av dei viktigaste rollene universitet og vitskap skal spele.

- Premieringssystemet for publisering slik det er i dag (UHR 2005), har som følgje at det favoriserer engelsk-språkleg publisering. Mange av dei norske og nordiske tidsskrifta vil tape på ei slik utvikling (Nylenna 2006). Det same gjeld monografisjangeren. Dette svekkjer kontakten universiteta bør ha med samfunnet utanfor.

- Eit klart skilje i premieringssystemet mellom vitskapleg publisering og forskingsformidling til den politisk-kulturelle offentlegheita kan i somme fag svekkje den rolla universitetsmiljøa spelar i samfunnsdebatten.

- Mange forskarar er ikkje gode nok i akademisk engelsk, og det fører til at den språklege kvaliteten på dei publiserte tekstane ikkje alltid er god nok.

- Når ein forstår korleis og kvifor faga får ulike innretningar og ulikt språkleg preg, kan ein sjå tala ovanfor som uttrykk for ein naturleg variasjon på eit stort og samansett universitet. Den variasjonen bør ein vere varsam med å styre; det kan vere rettare å respektere han som del av fridommen og mangfaldet som skal gjelde i forskinga. I alle fall bør det vere opp til kvart fagmiljø å finne ut om det gjer nok ut av dei ulike oppgåvene, anten det er å formidle erfaringar til det internasjonale forskarmiljøet og delta i internasjonal fagutvikling, eller det er å delta i norsk samfunnsdiskusjon med sine faginnsikter. Vi er skeptiske til at den resultatmodellen for finansiering som no vert brukt på universiteta, legg så stor vekt på publisering i internasjonale tidsskrift og lita vekt på f.eks. utgiving av bøker. Det bryt med det som mange fag oppfattar som si oppgåve, nemleg å ha brei kontaktflate mot det norske samfunnet. Og i språkleg samanheng er ein konsekvens av dette at det indirekte premierer mest den faglege aktiviteten som skjer på engelsk. Den norskspråklege forskingspubliseringa heng såleis tett saman med den oppgåve vitskapen skal ha i samfunnet og demokratiet.

- Det finst ein del skepsis mot dobbelpublisering ut frå premieringssystemet. Men kulturelt og språkpolitisk er det så viktig å publisere på både norsk og eit utanlandsk språk at ein heller bør

oppmode til doble presentasjonar etter aksepterte prinsipp. Ofte vert forma på artiklane ulik når målgruppa er ei anna, men der to artiklar er svært like, skal det opplysast.

Forslag:

6A: Gode og dokumenterte språkkunnskapar må telje ved tilsetjing i vitskaplege stillingar, og dette må komme klårt fram i utlysingstekst når nye stillingar vert lyste ledige. Det bør òg tilleggjast vekt om søkjaren kan dokumentere språkkompetanse i andre språk enn skandinavisk og engelsk.

6B: Fagmiljøa må diskutere seg fram til ein politikk for val av språk i forskning og formidling, der ein tek omsyn til både fagleg utvikling og samfunnsansvar.

6C: I fag der ein helst publiserer på norsk, bør ein vere medveten om at ein òg har eit ansvar for å bidra i den internasjonale fagutviklinga og ikkje berre vere mottakarar av faglege impulsar utanfrå. Dei bør leggje inn i forskingsmåla at dei presenterer prosjekta sine for ikkje-nordiske lesargrupper.

6D: Likeeins bør fagmiljø dominerte av engelsk språkbruk vere medvetne om at også dei har ansvar for å ta del i det norske samfunnet – som debattantar og forskingsformidljarar. Det bør leggjast inn i forskingsmåla.

6E: Ph.D.-avhandlingar og masteroppgåver skrivne på eit framandspråk skal ha eit kvalitetsmessig godt samandrag på norsk, og omvendt skal avhandlingar og masteroppgåver på norsk ha eit tilsvarande samandrag på engelsk eller på eit anna framandspråk som er relevant for vedkommande fag. Samandraget bør vere på 5-10 % av avhandlingslengda. Det kan vere svært nyttig om samandraget vert skriva som ein artikkel. Retningslinjer om dette bør stå i alle Ph.D.-reglement. (Dette skal ikkje gjelde utanlandske stipendiatar som er ved UiB på internasjonale program.)

6F: Det bør opprettast eit eige kompetansesenter for språklege tenester, som kan tilby språkvask på både engelsk og norsk, og som kan produsere og vedlikehalde språkresursar på nettet. Senteret bør òg tilby skrivekurs på

norsk og engelsk for tilsette ved Universitetet. Desse kursa må gjerast lett tilgjengelege og bør helst vere gratis for brukarane. (Sjå elles kap. 10.)

6G: Premieringssystemet for forskingspublikasjonar bør ta meir omsyn til at Universitetet skal spele ei samfunnsrolle ved å publisere forskingsresultat for ei breiare allmente. Difor må publiseringskanalar på norsk eller skandinavisk sikrast på begge nivå i klassifiseringssystemet, og bøker og monografiar må vege tyngre i fag der dei spelar ei viktig rolle.

7. Forskingsformidling

Situasjonen i dag

I tillegg til å publisere eiga forskning gjennom dei kanalane fagmiljøa har, har universiteta ei særskild oppgåve i å formidle kunnskap om dei vitenskaplege resultata til allmenta (jf. målsetjinga i b i 2.3.). Dette er mellom anna uttrykt i lov om universitet og høgskular i § 1-3 d slik at institusjonen skal "bidra til å spre og formidle resultater fra forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid". Også i Universitetet sin eigen strategiske plan vert det slått fast at Universitetet i Bergen gjennom formidling skal synleggjere Universitetet si spesielle rolle som forskingsbasert drivkraft i samfunnet. Til å hjelpe seg med denne formidlinga har forskarane nettopp denne strategiske planen for forskingsformidling, vedteken av Universitetsstyret 8.9.2005, og ei eiga Formidlingsavdeling.

Formidlingsavdelinga skal være ein pådrivar, tilretteleggjar, kvalitetssikrar og utøvar for å formidle forskingsresultat til eksterne målgrupper, i særleg grad den kunnskapssøkjande allmenta, media og offentlege og private verksemder. Formidlingsavdelinga skal aktivt bidra til både å skape ein formidlingskultur og å auke forskarane sin formidlingskompetanse. Formidlingsavdelinga skal også bruke begge dei to målformene i samsvar med målsetjinga i d i pkt. 2.3.

Skiljet mellom forskingspublisering og formidling er ikkje krystallklart, og svært mykje vert formidling om ein definerer all tekst retta mot lesarar utafor specialistkretsen som formidling (jf. Kalleberg 2004). Da blir tverrfagleg arbeid også formidling. Men jo breiare publikum ein vender seg til, jo meir bruk er det av norsk. Formidlingsavdelinga arbeider først og fremst mot større mottakargrupper og utfører oppgåva si i hovudsak gjennom nettavisa *På Høyden* og nettstaden *English news*, og gjennom dei to populærvitenskaplege tidsskrifta *Hubro* og *Features*. *Hubro* presenterer ho forskingsstoff og hendingar frå Universitetet til eksterne lesarar og abonnentar. Magasinet kjem i eit opplag på 8750, det kjem ut med fire utgåver årleg og er gratis. Redaksjonen i *Hubro* legg vekt på å jamstille dei to skriftspråka bokmål og nynorsk, og i 2006 var halvparten av artiklane på nynorsk. Det er elles ei redaksjonell linje at ein skriv den målforma som er naturleg å bruke for den/dei som er kjelda for stoffet. Leiarartikkelen er alltid skriven på nynorsk. *Feature* er eit engelskspråkleg magasin som kjem ut både i papirutgåve og på nett, i papirversjon berre anna kvart år. Bladet driv målretta

forskingsformidling til utanlandske fagmiljø og er i så måte å rekne som eit profileringsiltak. I tillegg gir Formidlingsavdelinga ut ulike brosjyrar og faldarar på engelsk.

På Høyden er Universitetets nettavis med tilsette som primærmålgruppe. Avisa vert oppdatert dagleg og har som målsetjing å vere den viktigaste kjelda for informasjon som gjeld heile Universitetet. I så måte skal avisa vere først ute med forskingsnyhende frå Universitetet i Bergen og stimulere til meiningutveksling og fri debatt og avspegle mangfaldet ved Universitetet. *På Høyden* har ei målsetjing om 25% tekst på nynorsk, men også her gjeld regelen om at ein freistar å gi att stoffet på den målforma som er naturleg i høve til kjeda. I tillegg har *På Høyden* ei spalte med "News in English", der utvalde oppslag vert omsett til engelsk. Avdelinga leverer jamleg forskingsnyhende frå Universitetet i Bergen til nettstaden www.forskning.no. Avdelinga sine tilsette har brei kompetanse innanfor informasjon, journalistikk, mediehandtering, tv- og videoproduksjonar, web, foto og design.

Vi vil framheve det positive i at Formidlingsavdelinga ved Universitetet i Bergen har vist både god vilje og god praksis med å praktisere jamstilling av bokmål og nynorsk. Det vert lagt merke til, og det vert teke godt imot av publikum og studentar. At avdelinga legg opp til å informere parallellspråkleg på norsk og engelsk, er også ei rett satsing.

Problem

- Engelskdominerte fag har i dag ei ekstra utfordring i å formidle faget og faglege resultat til det norske publikumet. Med tanke på samfunnsansvaret som Universitetet har, ville det vere ønskjeleg om det vart meir slik formidling. Men det vil koste eit meirarbeid og satsing.
- I Forskingsformidlinga ligg det ei utfordring å få medarbeidarane til å aktivt bruke begge målformene.

Forslag

7A: Forskingsprosjekt bør presentere seg med nettsider på både engelsk og norsk, og dei bør leggje ut ein enkel tekst som fortel om hovudformålet. Master- og Ph.D.-studentar bør oppmodast om å presentere delar av arbeida sine i norske tidsskrift eller aviser.

7B: Tilbødet om kurs i skrive- og sjangertrening til bruk i forskingsformidling p  styrkjast.

7C: Dei kursa og den hjelpa Formidlingsavdelinga tilbyr forskarane i samband med formidling og mediekontakt, m  synleggjerast betre og gjerast lettare tilgjengelege.

8. Profilering og presentasjon på nettsider

Situasjonen i dag

Universitetet i Bergen har i dag godt utbygde nettsider på alle avdelingar, både på intranett og sentrale internettsider. Talet på enkeltsider, altså moglege oppslag, er på fleire tusen og veks stadig. Trafikken på desse sidene er svært høg både frå studentar, tilsette og eksterne brukarar.

Tal frå Formidlingsavdelinga syner til dømes at det i veke 4 i år (22.-28. januar 2007) var vel 290 000 oppslag til i alt 5200 av UiB sine nettsider, og desse oppslaga kom frå meir enn 45000 maskinar. Og i veke 13 i fjor, 27. mars – 2. april, var det til samanlikning 345 182 oppslag til 5354 nettsider frå 41500 maskinar. (I parentes skal det nemnast at det er langt fram til oppslaga på nett-avisene! BA hadde i oktober 2006 1,8 millionar sidevisningar per veke, mens VG har 1.260.000 lesarar kvar dag.)

På heile nettstaden til Universitetet i Bergen var prosentfordelinga mellom bokmål og nynorsk i 2005 på 89–11 (opplyst frå Språkrådet). Førstesida www.uib.no er på bokmål, og med ei lenkje til ei engelsk presentasjonsside. Universitetsleiinga har òg sider på bokmål og engelsk, mens dei enkelte avdelingane i sentraladministrasjonen vekslar på kva språk dei nyttar . Eigdomsavdelinga, Bedriftshelsetenesta, Personal- og økonomiavdelinga har sider berre på bokmål, Forskingsavdelinga nyttar berre engelsk, Formidlingsavdelinga har sider både på bokmål og engelsk, mens IT-avdelinga vekslar mellom bokmål og nynorsk. Utdanningsavdelinga skriv på både bokmål, nynorsk og engelsk.

Når det gjeld fakultet og institutt, finn ein her godt samsvar med det som er sagt tidlegare om språkbruk i forskning og undervisning: Det matematisk-naturvitskaplege og Det medisinske fakultetet har stor grad av parallellspråklege nettsider på norsk og engelsk, særleg når det gjeld profilering av fagmiljøa. Det psykologiske og Det odontologiske fakultetet nyttar i mindre grad engelsk på sine nettsider. Det juridiske fakultetet har ein kort presentasjon på engelsk, men nyttar elles mest bokmål, mens Det historisk-filosofiske fakultetet mest ikkje skriv på engelsk i det heile. Her nyttar ein skiftevis nynorsk og bokmål. Det samfunnsvitskaplege fakultetet presenterer seg berre på bokmål, mens alle institutta har gode parallellspråklege nettsider på norsk og engelsk. Desse institutta skal ha ære for at dei har

funne fram til ein nokolunde felles mal for oppsettet på nettsidene sine, og dei står fram som reine, klare og velfungerande språkleg sett.

Av dei andre einingane ved Universitetet i Bergen nyttar Universitetsbiblioteket bokmål (med unntak av avdelingsbiblioteka for Det historisk-filosofiske og Det samfunnsvitskapelege fakultetet, som skriv på nynorsk), mens Bergen museum brukar både bokmål og nynorsk og har òg gode sider på engelsk. Den lange rekkja av forskningseiningar som er knytte til Universitetet i Bergen, har i hovudsak sine nettsider på engelsk.

Problem

- Eit stort problem er at mange ikkje har passa på å leggje ut presentasjonar på både engelsk og norsk. Da kan ein få opp engelsk tekst når ein klikkar seg vidare frå norske nettsider, og andre vegen, engelske sider har lenkjer til norske sider. For ein utanforståande kan dette ofte synast både uoversiktleg og forvirrande.
- Forskingsavdelinga legg i dag ut alle sidene sine på engelsk. Det gir eit uheldig språkpolitisk signal. Derimot er det naturleg at internasjonale regelverk vert ståande på berre engelsk og altså utan obligatorisk norsk omsetjing. Det vil seie at parallellspråkskravet må praktiserast med skjønn. Ein kan dele opp nettsidene i allment stoff som skal vere presentert parallellspråkleg, og spesielt stoff som kan vere einspråkleg.
- Eit anna problem når det gjeld språkleg utforming av nettsidene ved Universitetet i Bergen er at det ikkje ser ut til å vere nokon retningslinjer for språkbruken: I regelsamlinga for Universitetet i Bergen heiter det i pkt 5.6. om målbruk at det er valfri målform på Internett. I kva mon ein brukar bokmål eller nynorsk, kjem da an på den som skriv. Hovudregelen ved Universitetet i Bergen er elles at minst 30 prosent av alt skriftleg materiale ved Universitetet i Bergen skal vere på nynorsk, og nettsidene bør følgje same regelen.
- I dag verkar språkpraksisen uryddig, og det finst sider med blanding av bokmål og nynorsk pga. at stoffet er henta frå ulike kjelder og sett saman utan tekstleg omredigering. Kvar enkelttekst bør vere gjennomført på same språk og i same målform. Men målforma kan skifte frå nettside til nettside. I tillegg må det leggjast ekstra vekt på god språkføring på det som vert offentleg presentert.

(Det som her er sagt, ser ut til å gjelde for alle dei høgre lærestadane i Noreg; det er altså ikkje noko Universitetet i Bergen-fenomen.)

Universitetet i Bergen sine nettsider er i dag den viktigaste porten til informasjon om forskning og undervisning ved institusjonen, og Universitetet bør bruke dei resursane som er nødvendige for at desse sidene skal tene sitt formål på ein fullgod måte. Dårlege eller ikkje-oppdatererte nettsider med språkleg rot vil alltid svekkje institusjonen sitt omdømme.

Forslag:

8A: Retningslinjene for målbruk ved Universitetet i Bergen bør også gjelde for Internett-sidene, dvs. at minst 30 % av dei norske tekstane skal vere på nynorsk. Nettsidene til Universitetet i Bergen skal vere utforma på eit godt språk både på norsk og engelsk, og dei skal følgje offisiell rettskriving.

8B: Alle faste nettsider, altså informasjons- og presentasjonssider som ikkje vert endra fortløpande, bør vere både i norsk og engelsk utgåve. Parallelliteten bør markerast, f.eks. slik at ein kan velje med å klikke på flagg. Vi viser her til institutta ved Det samfunnsvitskaplege fakultetet som gode førebilete.

8C: Dei faglege einingane bør med jamne mellomrom ha ein språkleg gjennomgang av den informasjon og dei presentasjonane som ligg ute på nettet, slik at ein unngår utilsikta vekslingar mellom målformar og språk.

8D: Leiarane og mellomleiarane på institutt, avdelingar og einingar skal vere ansvarlege for at retningslinjene vert følgde, og at dei vert oppdaterte med jamne mellomrom.

9. Administrasjon

Situasjonen i dag

Studieadministrasjonen ved UiB har utvikla brosjyrar og informasjonsmateriell på både norsk og engelsk svært førebileleg. Somme brosjyrar er parallelle, andre er tilpassa dei ulike mottakargruppene som heimlege og utanlandske studentar er. Det er i denne samanhengen grunn til å gje ros til studieadministrasjonen også for at han legg så mykje informasjon på nynorsk ut på Studentportalen og på den måten etterlever dei interne retningslinjene ved Universitetet.

Dagens retningslinjer for målbruk ved Universitetet i Bergen er laga med heimel i lov om målbruk i offentleg teneste (av 11. april 1980) og dei retningslinjene for målbruk ved Universitetet i Bergen som vart vedtekne i Det akademiske kollegium 20. mars 1996. Formålet med retningslinjene er å stimulere til auka bruk av nynorsk ved Universitetet i Bergen, og det er i samsvar med målsetjinga i d i pkt. 2.3. Som eit vestlandsuniversitet er det naturleg at Universitetet i Bergen legg seg på ein nynorskprosent som er noko høgare enn minstekravet (25 prosent) for målbruk i offentleg teneste (i følgje mållova). Full måljamstilling mellom nynorsk og bokmål er det endelege målet.

Hovudregelen etter retningslinjene frå 1996 er at minst 30 prosent av alt skriftleg materiale ved Universitetet i Bergen skal vere på nynorsk, og elles skal administrasjonen ved Universitetet i Bergen m.a. rette seg etter følgjande:

- 30 prosent av saksdokumenta til Universitetsstyret, fakultetsstyra og andre styrande organ ved Universitetet i Bergen skal vere på nynorsk.
- Brev skal svarast på i den målforma brevet er skrive.
- Søknadsskjema skal vere på både bokmål og nynorsk.
- Ein skal elles retta seg etter krava i lov om målbruk i offentleg teneste.
- Stillingsannonsane skal alltid vere på nynorsk.

(Meir detaljerte retningslinjer står i Retningslinjer for målbruk ved UiB, <https://intranett.uib.no/regelsamling/show.do?id=251>)

Problem

- I den utoverretta presentasjonen har Universitetet i Bergen komme langt, og det har fått god omtale for oppfølginga av mållova på det området. For publikasjonar under 10 sider (dvs. mest stillingsannonsar) var prosentfordelinga mellom bokmål–nynorsk i tida 1997–2000 på 42–58, og for 2001-2004 på 56–44. For publikasjonar over 10 sider var fordelinga 70–30 i tida 1997-2000, og 42–58 i tida 2001-2004. (Tala er opplyste frå Språkrådet.)

- Arbeidsgruppa har ikkje tilgang til tal som viser om Universitetet i Bergen har makta å følgje opp intensjonane om minst 30 prosent skriftleg materiale på nynorsk. Her har vi berre eigne inntrykk å byggje på, og dei tilseier at nynorskbruken framleis ikkje har nådd målsetjinga frå 1996. Universitetet i Bergen har vist at det nyttar med tiltak, og det skulle vere realistisk å nå målet dersom leiarane i alle avdelingar og på alle institutt får tillagt ansvar for å gå over rutineane. Hittil har ikkje dette ansvaret vore klart formulert. Det ville også vere ønskjeleg om ein kom over minstekravet frå 1996 om 30 % nynorsk.

Ein når lengst med tiltak som innarbeider enkle og faste rutinar for målformval, slik at ein f.eks. held seg til éi målform i visse dokumenttypar som har ein fast mal. Det var slik ein oppnådde stor betring i situasjonen på slutten av 1990-talet. Dessutan kan administrativt personale for eksempel nytte høvet til å auke nynorskdelen ved å skrive notat, sakspapir og brev på nynorsk når styraren eller dekanen osv. skal signere og han eller ho har nynorsk som si personlege målform. Det er eit ønske at administrativt tilsette praktiserer begge målformene i samband med dei administrative oppgåvene.

- Dei mest brukte dataprogramma finst i dag i norsk versjon (somme på både nynorsk og bokmål). Det er ønskjeleg at dei vert mest mogleg brukte, og at brukarstøtta held seg til norsk dataterminologi. Språkbruken er her i stor grad uttrykk for holdningar og verdiar, som drøfta under pkt. 1.2., 2.1. og 2.2., og difor bør universitetspolitikken vere å markere støtte til norsken på dette bruksområdet der engelsk er så dominerande. Det kan ein gjere med slike overordna retningslinjer. Eit argument mot norske versjonar har vore at ein da ikkje får dei nyaste programversjonane med ein gong. Vi ser det slik at det i praksis betyr lite når det er snakk berre om nokre månader før dei omsette versjonane er tilgjengelege. Men alle bør kunne få dei engelske versjonane om dei har spesielle ønske.

- Det meste av den internasjonale korrespondansen føregår på engelsk. Men i kontakt med samfunn som ikkje er engelskspråklege, kan Universitetet markere vilje til mangfald ved så lang råd å korrespondere på språket til mottakarane. Det bør ikkje vere vanskeleg å gjennomføre overfor f.eks. dei relativt store språksamfunna, dvs. i tilfelle der Universitetet har tilsette med god relevant språkkompetanse.

Forslag:

9A: Standard programvare skal så langt råd vere på norsk, men engelske versjonar bør òg vere lett tilgjengelege.

9B: Universitetet bør i den internasjonale korrespondansen leggje vekt på å bruke også andre framandspråk enn engelsk der det vil høve for mottakaren. Det same gjeld i informasjonsmateriell retta mot samfunn som ikkje er engelsk-språklege.

10. Forslag om språktenestesenter

Vi har fleire stader i denne innstillinga nemnt at Universitetet bør leggje så mykje vekt på ein parallellspråkspolitikk og på språkleg kvalitet at det bør opprette eit eige kontor eller senter for språktenester. Det skal kunne yte språkeksperpttenester der ein ikkje kan vente at forskarar og administrasjon har fullgod kompetanse, og det bør utvikle kurs for å betre kompetansen på somme område.

Det er ofte dratt fram at forskarane ikkje er gode nok i engelsk, og at det går ut over publikasjonane. I dag må kvar enkelt organisere hjelp til språkvask og språkkommentarar, og det kan nok hende at det da ikkje vert lagt nok vekt på den sida. Ei språkteneste bør kunne gi hjelp til dette. Men ei slik språkteneste kan neppe ha all ekspertkompetanse sjølv i så mange fagspråk som det er behov for, så noko av funksjonen må vere å utvikle eit nettverk av personar med morsmålskompetanse i engelsk (og ev. andre språk) innanfor dei ymse faga som kan ta på seg språkvaskoppgåver. Det kan også vere enklare for dei tilsette å søkje etter språkhjelp gjennom eit slikt apparat som opererer med standardsatsar for betaling, enn personleg å måtte be andre om ei beine.

Ei tilsvarende språkvaskteneste må sjølv sagt også vere tilgjengeleg for tilsette med ikkje-norsk morsmål når dei ønskjer å skrive på norsk.

At det meste av det nødvendige språkvaskarbeidet vil gjelde engelsk, seier seg nok sjølv, men ut frå den språkpolitiske måla vi har nemnt ovanfor (jf. pkt. 2.3. og 2.5.), bør språktenesta òg hjelpe til når det vert spurt om hjelp til tekstar på andre språk. Men senteret bør ikkje ta på seg omsetjingsoppgåver. Det bør vere eit krav at dei som publiserer, sjølv skriv på framandspråket og utviklar språkevna si der. Det er hjelpa fram til det fullgode resultatet senteret skal stå for. Og det bør vere allment akseptert at det er dei aller færraste unt å skrive eit framandspråk som om det var eit morsmål, og difor kan det også liggje det gjerne ei realistisk vurdering av eigne evner bak når ein ber om språkvask.

Også i administrasjonen dukkar det dagleg opp spørsmål og behov for gjennomlesing når brev og informasjonsskriv skal skrivast og oppdaterast. Dersom ønsket om meir gjennomførte parallellspråklege nettsider vert etterlevd, aukar også behovet der for rask språkhjelp.

Språktenesta bør byggje opp ei nettside med lenkjer til gode og tilgjengelege språkresursar, dvs. elektroniske ordbøker, grammatiske kontrollar, stavekontrollar osv. Det kan òg ta initiativ til kurs for tilsette i engelsk og andre framandspråk. Vi viser her til innstillinga frå 25.4.06 om kompetanseheving i engelsk for tilsette ved UiB.

Kvaliteten på dei norskspråklege tekstane er heller ikkje god over alt i dag. Det tek seg dårleg ut at det ligg ute nettsider eller går ut brev frå Universitetet der det er anten dårleg språkføring eller mange språktekniske feil. Dette gjeld både bokmål og nynorsk. Språktenesta kan bøte på denne situasjonen. Likeins kan språktenesta vere til hjelp når det skal formulerast eksamensoppgåver på begge målformene og somme tider på engelsk.

Språktenesta kan vere den avdelinga som med jamne mellomrom har eit tilsyn med at krava og reglane om parallellspråkleg praksis og om jamstilling av målformene vert etterlevde.

Det bør lagast ein brosjyre for alle tilsette og studentar som grunngir verdien av godt språk, og som gjer dei tilsette oppmerksame på dei tilgjengelege språklege resursane som finst, f.eks. stave- og grammatikkontrollar, termlister, nettresursar og kurstilbod.

11. Norskopplæring for tilsette med ikkje-skandinavisk bakgrunn

Situasjonen i dag

For å sikre at undervisningsspråket normalt er norsk – og særleg på lågare nivå skal det vere slik – stiller både Universitetet i Bergen og andre universitet det kravet at undervisningspersonale som vert tilsett utan å meistre eit skandinavisk språk, skal innan to år etter tilsetjinga ha lært seg norsk. At dei tilsette lærer seg norsk, er òg viktig for at dei skal finne seg betre til rette sosialt både på arbeidsplassen og i samfunnet. I strategiplanen legg ein vekt på at norskkurs skal vere eit verkemiddel for å rekruttere gode forskarar, og Universitetet tilbyr eit undervisningsopplegg på seksjonen Norsk som andrespråk (ANA, Nordisk institutt). Både den tilsette og ein ev. ektemake har krav på plass ved eit slikt kurs. Det går jamt over sirka 60 tilsette på dette kurset.

Ettersom kravet gjeld tilsette, omfattar det både slike som får fast tilsetjing og dermed har høve til å etablere seg fast i miljøet i Bergen, stipendiatar og slike som får postdoktorstillingar. Dei siste har ikkje på same måten sikra seg utsiktene til å verte verande, men i ordninga er det innebygd ein intensjon om å rekruttere dei til forskingsmiljøet. Dessutan kan nettopp dei vere mest motiverte for å lære norsk, og dei er jamt over yngre slik at dei lærer lettare. Difor er det god grunn til å la kravet gjelde begge gruppene. For stipendiatar er det ikkje like naturleg å stille slike krav, men dei må alle få tilbod om norskkurs.

Det opplegget ein i dag tilbyr, er dei tre kursa Norsk som andrespråk I, II og III, kvart på 15 studiepoeng. Tilsette har førsteprioritet ved opptak til kursa. Progresjonen er til vanleg eitt kurs per semester, og det er 6 timars undervisning per veke i 14 veker per semester. (Det finst òg eit intensivtilbod der to kurs kan takast same semesteret.) Det går jamt over tre til fire parallelle kurs, og ein kan dermed velje undervisningstid anten tidleg eller seint på dagen. (ANA underviser mellom kl. 8 og kl. 20.) Første trinnet inneheld undervisning mest i grammatikk og uttale, så vert det etter kvart samtaleøvingar om enkle emne. På trinn II og III kjem ein inn på norsk kultur og samfunnsliv, og kursdeltakarane skal der øve seg å lese, snakke og skrive om akademiske emne. Det er kravd at dei tilsette tek eksamen.

Det siste året har det også funnest eit nettbasert kurs der ein kombinerer øvingar framfor skjermen med 50 % av klasseromundervisninga. Dette opplegget gir større fleksibilitet.

Problem

- Det er ikkje alle som fullfører norskkurset. Hausten 2006 var det sirka 10 av 60 som fall av opplegget. Ein grunn som er ført fram, er at kursprogresjonen er for hard når dei tilsette samtidig skal ha full undervisningsplikt på instituttet sitt. Vi har vore i kontakt med eit par institutt, og der vert det sagt at dette neppe er problemet. Det er meir eit spørsmål om å kunne samordne timeplanane tids nok. Vanskelegare er det at tilsette har også ofte arbeidsreiser som kan skape problem med å møte til timar kvar veke.

- Eit vanleg problem er at dei norske kollegaene snakkar konsekvent engelsk med ikkje-skandinavisk tilsette, og det gir ikkje gode læringsvilkår.

- Elles fungerer opplegget i dag jamt godt for tilsette frå den vestlege verda, dvs. for nærkulturelle. Somme lærer seg språket svært raskt og kan ta del i sosialt samvær og kvardagssamtalar på norsk alt etter første semesteret. Det kan ta lengre tid å meistre norsk godt nok til å diskutere faglege spørsmål. Komitémøte føregår ofte på norsk også når dei utanlandske er til stades, men dei kan der halde sine innlegg på engelsk. Med god miljøhjelp brukar det å gå for dei fleste å bruke norsk i arbeidet innan to år. For fjernkulturelle er hindera større, og læringa tek lengre tid.

- Kurset i norsk for utlendingar gir i dag ikkje opplæring i nynorsk, berre i bokmål. Dermed opnar ein ikkje for jamstilling mellom målformene, og utlendingane får ikkje fullgod innføring i norsk skriftkultur. Det er klart enklast å begynne med innføring i det dominerande språket, men i det samla tilbodet bør Avdeling for norsk som andrespråk også gi høve til å få innføring og opplæring i nynorsk.

Forslag:

11A: Ut frå ønsket om gode læringsvilkår, gode miljø og det ansvaret Universitetet har i samfunnet, må Universitetet halde fast på kravet om at nye tilsette med ikkje-skandinavisk bakgrunn skal lære seg norsk innan to år. Det skal vere opplyst i stillingsannonsane om dette kravet og om at undervisninga til vanleg er på norsk, og kravet bør presiserast under søknadsintervjuet og i tilsetjingsbrevet. Når den tilsette begynner i

stillinga, skal styraren gjennom samtale med han eller henne orientere om det praktiske ved opplæringa og lage avtale om framdrift. Det må også vere eit krav at den som vert tilsett, alt frå starten kan kommunisere og undervise på engelsk. (Dette kravet gjeld ikkje stipendiatar.)

11B: Fagmiljøet ved det aktuelle instituttet må kjenne seg plikta til å gå over til å bruke norsk i samtalar med dei utanlandsk tilsette etter ei viss tid for å hjelpe dei i integreringsprosessen. At engelsk er brukt i samtalanen den aller første tida, er naturleg. Men det ligg eit problem i at eit innøvde mønster lett held fram, både fordi det kan vere minste motstands veg, og fordi det krev ein del bevisstheit når ein skal leggje om vanane.

11C: Etersom det er tale om nokså mange deltakarar på norskkurs, er det mogleg å prøve ut alternative kursopplegg, som til dømes intensivkurs. Vi rår til at ANA lagar eit eige kurs for tilsette, og at det får eit innhald som er meir prega av behova og situasjonen for dei tilsette. Men for at det skal vere fleire val av undervisningstidspunkt, bør dei tilsette også få høve til å følgje eit studentkurs om det passar betre. Det bør også lage ein eigen presentasjon for dette kurset som personalavdelinga og aktuelle institutt kan formidle. (Personalavdelinga og Forskingsavdelinga arbeider for tida med ei støttetjeneste for tilsette frå utlandet.)

11D: Ein bør ikkje gå bort frå kravet om at dei skal gjennomføre kurset med ståkaraktar, for eksamenen kan fungere som ei kvittering på at ein har gjennomført pliktene i ein inngått avtale. Dessutan kan dei tilsette ha direkte nytte av å kunne dokumentere også utanfor Universitetet at dei har følgd kurset. Dersom den tilsette får problem med framdrifta i norskkurset, bør han eller ho sjølv ta det opp med instituttstyraren for å finne fram til ev. betre arbeidsvilkår.

11E: Når dei tilsette har gjennomført kurset og lært seg å fungere på norsk, er det somme som ønskjer å perfeksjonere seg. ANA bør vurdere å prøve ut eit spesialkurs for slike der dei kan få arbeide med norsk i akademiske tekstar og i foredrag, og avdelinga må få dei resursane som trengst til å gjennomføre det.

11F: ANA bør også utvikle kurs i nynorsk for utlendingar.

12. Allment om tilrådingane

Med denne innstillinga har "språkpolitikk-gruppa" ønskt å peike på dei politiske og kulturelle perspektiva som Universitetet bør sjå språkpolitikken sin i. Språkpolitikk dreiar seg om meir enn språk. Det dreiar seg om likeverd, om god læring, om vilkår for kreativitet, om dominans og økonomi.

Ved å leggje vekt på at tilsette og studentar vert betre i å bruke både morsmålet og framandspråk, kan Universitetet styrkje forskings- og læringspotensialet. Det utnyttar sjansane betre i ei tid der kontakt utover er viktigare enn før. Difor bør det investere i språkhjelp og språkkurs. I praksis betyr det at fleire må verte betre i å meistre engelsk, men vi må også motverke for einsidig dominans frå éin språkkultur, det vil seie at Universitetet må også leggje vekt på andre språkkunnskapar ved tilsetjingar. Språkleg mangfald gir beste sikringa for kreativ forskning i framtida.

Institusjonen vår bør heller ikkje føye seg etter kortsiktige tilpassings- og effektivitetsomsyn som i eit vidare perspektiv gir tap. Difor bør det sikre at norsk vert brukt mest mogleg innanfor alle fag, og at tilsette frå ikkje-skandinaviske land lærer seg norsk og vert integrerte fagleg og sosialt. Samtidig med at det satsar på internasjonal orientering, må Universitetet markere målmedvite ein parallellspråkleg praksis og understreke verdien av å bruke norsk.

Fagmiljøa ved Universitetet er så mange og ulike at ein skal vere varsam med å generalisere for sterkt i beskrivingane. Samtidig er det vanskeleg å foreslå svært konkrete retningslinjer som skal kunne gjelde alle faga. Difor er det like viktig at alle miljøa tek opp dei språkpolitiske spørsmåla i eit breitt perspektiv, vurderer sin eigen situasjon og skaper refleksjon kring språkvala ein gjer eller kan gjere.

Referansar

- Bryn, Steinar. 1992. *Norske Amerika-bilete : om amerikanisering av norsk kultur*. Oslo: Samlaget.
- Bull, Tove. 2004. Dagens og gårdagens akademiske lingua franca. I: Dag F. Simonsen (red.), *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin?* s. 35–45. Oslo: Gyldendal.
- Falk, Maria. 2001. SPRINT – hot eller möjlighet? Stockholm: Skolverket.
- Forland, Astrid. 1996. Universitetet i Bergens historie 1946–1996. I: Astrid Forland og Anders Håland, *Universitetet i Bergen, Bind 1*, s. 190–546. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Gibbs, W.W. 1995. Lost Science in the Third World. I: *Scientific American*, august 1995.
- Gulbrandsen, Pål & Troben V. Schroeder & Josef Milerad & Magne Nylenna. 2002. Paper og screen, mother tongue or English: Which is better? A randomized trial. I: *The Journal of the American Medical Association* 2002, s. 2851–2853.
- Gulbrandsen, Pål & Troben V. Schroeder & Josef Milerad & Magne Nylenna. I *Ugeskrift for Læger* 17.2.2003.
- Hagen, Erik Bjerck & Anders Johansen. 2006. *Hva skal vi med vitenskap? 13 innlegg fra striden om tellekantene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halvorsen, Tor. 2004. Kunnskapsimperialisme. I: *Syn og Segn* 3/2004, s. 71–81.
- Hvenekilde, Anne & Kenneth Hyltenstam & Sunil Loona. 1996. Grunnlagsdokument "Språktilegnelse og tospråklighet". I: Kenneth Hyltenstam o.fl. (red.), *Tilpasset språkopplæring for minoritets elever. Konsensuskonferanse 9.-10. januar 1996*, s. 19–59. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Hyltenstam, Kenneth. 1996. Konklusjoner frå konsensuskonferansen. I: Kenneth Hyltenstam o.fl. (red.), *Tilpasset språkopplæring for minoritets elever. Konsensuskonferanse 9.-10. januar 1996*, s. 207–210. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Hyltenstam, Kenneth. 2002. Engelskundervisning i Sverige. I: *Bilagor. Mål i mun. Förslag till handlingsprogram för svenska språket. Bilaga till betänkande av kommittén för svenska språket*, s. 45–72. SOU 2002: 27. Stockholm.
- Höglin, Renée. 2002. *Engelska språket som hot och tillgång i Norden*. (Temanord 2002: 561.) København: Nordiska ministerrådet.
- Kalleberg, Ragnvald. 2004. Forskningsformidling, knippeinstitusjoner og norsk som fagspråk. I: Dag F. Simonsen (red.), *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin?* s. 85–111. Oslo: Gyldendal.
- Kyvik, Svein 2001. *Publiseringsvirksomheten ved universiteter og vitenskapelige høyskoler*. Oslo: NIFUs skriftserie nr. 15/2001.
- Laurén, Christer & Johan Myking (red.). 1999. *Treng små språksamfunn fagspråk? Nordiske fagspråkstudier*. (Nordica Bergensia 20/1999.) Bergen: Nordisk institutt.
- Ljosland, Ragnhild. 2003. *Engelsk som akademisk språk i Norge. En domenetapsstudie*. Upublisert hovudfagsoppgave i nordisk språkvitenskap. Trondheim: NTNU.
- Ljosland, Ragnhild. 2005. "Anglifisering eller flerspråklighet?" i *Forskerforum* 10/2005.

- Materstvedt, Lars Johan. 2004. Heller god norsk enn dårlig engelsk? I: Dag F. Simonsen (red.), *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin?* s. 61–69. Oslo: Gyldendal.
- Myking, Johan. 2005. Terminologi i Noreg – historisk oversyn. I: Jan Hoel (red.) *Hvem tar ansvaret for fagterminologien?*, s. 2–15. Oslo: Språkrådet.
- Mål i mun - Förslag till handlingsprogram för svenska språket.* SOU 2002:27. Utbildnings- och kulturdepartementet (<http://www.regeringen.se/sb/d/108/a/1443>)
- Ni100 = *Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi.* Oslo: Språkrådet 2005. <http://www.sprakrad.no/templates/Page.aspx?id=7962>
- Nylenna, Magne. 2006. Små nasjonale tidsskrifter – har de noen fremtid? I: *Den norske tannlegeforenings tidende* 4/2006, s. 234–239.
- Nylenna, M. & P. Riis & Y. Karlsson. 1994. Multiple blinded Reviews of the Same Two Manuscripts. Effects of Referee Characteristics and Publication Language. I: *The Journal of the American Medical Association*, s. 149–151.
- Plan for styrking av norsk språk perioden 2001-2003.* Oslo: Norsk språkråd.
- Schwab, Inger-Lise. 2004. Det nye forretningsspråket – eller pyntespråket? Språklig sosialisering blant mastergradsstudenter i økonomi. I: Simonsen, Dag Finn (red.). 2004: *Språk i kunnskapssamfunnet: engelsk – elitenes nye latin?*, s. 147–162. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Schwach, Vera. 2004. *Norsk vitenskap – på språklig bortebane? Et pilotprosjekt om språkbruk blant fagsamfunnet av forskere i Norge.* Oslo: Norsk institutt for studier av forskning og utdanning.
- Simonsen, Dag Finn (red.). 2004: *Språk i kunnskapssamfunnet: engelsk – elitenes nye latin?* Oslo: Gyldendal akademisk.
- Skard, Sigmund. 1963. *Målstrid og massekultur.* Oslo: Samlaget.
- Sprog på spil. Et udspil til en dansk sprogpolitik.* København: Kulturministeriet, 2003. <http://www.kum.dk/sw6576.asp>
- Sprogpolitik på de danske universiteter. Rapport med anbefalinger.* København 2003 <http://www.rks.dk/sider/internationalt/Sprogpol.pdf>
- Stene, Åsta. 1945. *English loan-words in Modern Norwegian. A study of linguistic borrowing in the process.* London: Oxford.
- Söderlundh, Hedda. 2003. Lika bra på engelska? En undersökning av hur studenter i Sverige förstår kurslitteratur på svenska respektive engelska. I: *Språk och Stil* 2003, s. 137–165.
- Tandefelt, Marika. 2003. *Tänk om ... Svenska språknämndens förslag till handlingsprogram för svenskan i Finland.* Helsingfors: Forskningscentralen för de inhemska språken.
- Teleman, Ulf & Margaret Westman. 1997. Behöver vi en nationell språkpolitik? I: *Språkvård* 2/1997, s. 5–16.
- Thomas, Wayne P. & Virginia P. Collier. 2002. *A national study of school effectiveness for language minority students' long-term academic achievement.* Santa Cruz: CREDE.
- Tomas, Wayne & Virgini Collier. 1997. *School Effectiveness for Language Minority Students.* Washington D.C.: National Clearinghouse for Bilingual Education.

- Trosterud, Trond. 2003. Språkdaude, purisme og språkleg revitalisering. I: Sandøy, Helge o.fl. (red.), *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*, s. 181–216. Volda: Høgskulen i Volda.
- Trudgill, Peter. 1991. Language maintenance and language shift: preservation versus extinction. I: *International Journal of Applied Linguistics* 1/1991, s. 61–69.
- UHR 2006 = *Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg. Frå ein komité nedsett av Universitets- og høgskolerådet*. http://www.uhr.no/documents/Framlegg_til_ein_spr_kpolitikk_for_UHsektoren_1.pdf
- UiO 2006 = *Snart to hundre. Universitetet i Oslo og språket i internasjonaliseringens tidsalder*. Innstilling fra Utvalget for språkpolitikk ved UiO 27. mars 2006. Oslo: Universitetet i Oslo. http://www.uio.no/om_uio/innstillinger/06/sprakpolitikk/innstilling.pdf
- Williams, Eddie. 2004. The Screening Effects of English in Sub-Saharan Africa. I: Sandøy, Helge o.fl. (red.), *Den fleirspråklege utfordringa*, s. 31–56. Oslo: Novus.
- Ystenes, Martin. 2004. Norsk vitenskapsspråk = femi treski? I: Dag F. Simonsen (red.), *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin?* s. 70–75. Oslo: Gyldendal.
- Østerud, Øyvind & Fredrik Engelstad & Per Selle. 2003. *Makten og demokratiet. En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Gyldendal.

Vedlegg: Forholdet til andre innstillingar om språkbruk på universitetet

Framlegga våre i kapitla 5–11 byggjer på drøftingane og vurderingane vi har lagt fram i del 1. Men vi har hatt god støtte i innstillingane som er skrivne for Universitets- og høgskolerådet (UHR 2006) og for Universitetet i Oslo (UiO 2006). Dei har i store drag komme fram til tilsvarande konklusjonar og framlegg, som der er formulerte som nedanfor.

Frå *Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg* (= UHR 2006):

Utdanning

- * Undervisningsspråket ved universiteta og høgskolane skal normalt vere norsk. For å oppnå instrumentelle mål om å utvikle kompetanse i engelsk fagspråk hos norskspråklege studentar eller å integrere utanlandsktalande studentar, kan undervisningsspråket også vere engelsk.
- * Undervisningsspråket bør vere norsk dei to første studieåra. Frå og med det tredje året bør det vere opning for bruk av engelsk.
- * I alle studium bør språkpolitikken vere underordna det kulturpolitiske ansvaret til universitet og høgskolar om å halde oppe norsk fagspråk og formidling på norsk.
- * Det bør opprettast eigne fagterminologigrupper i universitets- og høgskolesektoren med tilfredsstillande organisatoriske og økonomiske vilkår. Desse gruppene bør òg ha som oppgåve å halde norsk fagterminologi ved like og å definere norske termar i forhold til internasjonal terminologi.
- * Kurs i akademisk skriving, der siktemålet er å utvikle språk-, tekst- og sjangerkompetansen til studentane, bør vere ein del av fagtilbodet ved institusjonane.
- * Studentar på høgare nivå bør kjenne til og kunne nytte fagspråk i engelsk og eventuelt andre språk.
- * Det bør etablerast støttekurs for studentar som har behov for å utvikle kompetansen i engelsk fagspråk.
- * Utanlandske studentar bør få tilbod om kurs i norsk språk, kultur og samfunn, tilpassa lengda av studieopphaldet.

Forsking

- * Fagmiljøa bør arbeide aktivt med bevisstgjerjing i forhold til val av publiseringsspråk.
- * Faglege vurderingar og kommunikasjonsmoglegheit med relevante nasjonale og internasjonale fagmiljø bør ligge til grunn for val av publiseringsspråk.
- * Norsk bør difor framleis vere eit relevant språk ved vitenskapleg publisering i somme fag.
- * I dei fleste faga bør likevel engelsk eller eit anna internasjonalt språk vere hovudspråk ved vitenskapleg publisering.
- * Dei institusjonelle språkkrava bør vere pragmatisk utforma, slik at dei fremjar norsk der det er formålstenleg, og internasjonalt språk der det er formålstenleg.

- * Institusjonane bør arbeide målretta med å klargjere for dei tilsette at graderinga i finansieringssystemet for vitenskapelig publisering ikkje baserer seg på språk, men på kvalitet og kommunikasjon på eit språk det internasjonale fagfeltet bruker og forstår.
- * Doktorgradsavhandlingar som blir skrivne på norsk, skal ha eit fyldig samandrag på eit internasjonalt språk på 5-10 % av avhandlingslengda.
- * Doktorgradsavhandlingar som blir skrivne på eit internasjonalt språk, skal ha eit fyldig samandrag på norsk på minimum 5-10 % av avhandlingslengda.
- * Institusjonane bør tilby ei språkvaskteneste for manuskript, særleg retta mot manuskript på internasjonale språk.

Formidling og samfunnskontakt

- * Formidling til allmennheita bør skje på det språket som er mest formålstenleg for det publikum ein vender seg til. Formidling til den norske og nordiske allmennheita bør føregå på norsk, mens formidling til spesielle grupper i Noreg eller til den internasjonale allmennheita bør føregå på engelsk eller anna internasjonalt språk.

Norskopplæring for tilsatte

- * Ved nyttilsetjingar i stillingar der undervisning inngår, bør det stillast krav til språkferdigheiter, til dømes om at den som blir tilsett, må beherske norsk eller anna skandinavisk språk munnleg og skriftleg, eller tileigne seg denne kompetansen i løpet av ein periode på to år, og at den som blir tilsett dessutan må vere førebudd på å gi undervisning på engelsk.
- * Det bør etablerast institusjonelle rammer i form av kurs og tilgang til systematisk rettleiing for å styrkje den språklege kompetansen til nordisktalande tilsette som underviser på engelsk. Det bør også etablerast kurs i norsk for fagleg tilsette som ikkje har tilstrekkeleg dugleik til å kunne undervise på norsk.

Frå Snart to hundre – Universitetet i Oslo og språket i internasjonaliseringens tidsalder (UiO 2006):

Undervisning:

- Undervisning på begynnernivå (1000-nivået) bør skje i all hovudsak på norsk, mens fremmedspråklig undervisning kan, avhengig av fagenes situasjon, for 3000-nivået og over skje ved blanding av norsk og fremmedspråk, eller helt på fremmedspråk.
- Som et bidrag til å motvirke domenetap skal lister over norske fagord gjerest tilgjengelig på kurs som i sin helhet gis på fremmedspråk.
- Enhetenes faglige ledelse må foreta nødvendig kvalitetssikring av forelesernes språkkompetanse ved tildeling av undervisningsoppgaver.
- Opprette egne støtteordninger og være pådriver overfor myndighetene med sikte på økonomisk støtte til utvikling av fagbøker for studieformål, kompendier på norsk og tekster

med norsk fagterminologi spesielt i fag som er særlig utsatt for domenetap. Andre insentivordninger kan vurderes i tillegg.

- Masteroppgaver og tilsvarende oppgaver skal inneholde et sammendrag på engelsk eller et annet fremmedspråk dersom de er skrevet på norsk, og omvendt.

Forsking:

- avhandlinger og masteroppgaver (se nedenfor) skrevet på fremmedspråk skal ha et fyldig og kvalitetsmessig godt sammendrag på norsk, og omvendt skal avhandlinger og masteroppgaver på norsk ha et tilsvarende sammendrag på engelsk og/eller et annet fremmedspråk relevant for vedkommende fag eller student

- Finansieringssystemets retningslinjer og praksis presiseres slik at det verken eksplisitt eller implisitt favoriserer bestemte valg av publiseringsspråk.

- Publiseringsspråk på norsk må sikres på begge nivåer i systemets klassifisering og for både vitenskapelige artikler og monografier i fag der dette er rimelig.

Formidling og samfunnskontakt

- Enhetene må aktivt stimulere de ansatte til forskningsformidling, eventuelt ved å gi interne kurs eller innføre insentiver.

- Som et bidrag til å motvirke domenetap, skal lister med norsk fagterminologi gjøres tilgjengelig på UiO's nettside, som forutsettes kontinuerlig oppdatert. Dette er en oppgave som vil høre inn under et eventuelt kompetansesenter.

- Viktige forskningsresultater bør vurderes publisert på UiO's nettsider både på norsk, engelsk og andre fremmedspråk